

**RAPPORT  
OM  
NATUROVERVÅKING  
I  
SKJÅK  
2009**





## Innhald

Innhald	3
1. Forord/Bakgrunn	5
2. Naturovervåking Skjåk	5
3. Geologi	6
4. Botanikk	11
5. Forureining	15
5.2. Luftboren	15
5.3. Vassboren	19
5.4. Forureining frå landbruket	21
5.5. Forureining frå bustad	22
5.6. Forureining frå hytter	23
5.7. Forureining frå bular	23
5.8. Større avløpsanlegg- renseanlegg Skjåk kommune	24
6. Vilt	25
6.1. Generelt	25
6.2. Gnagere	25
6.3. Hjortevilt	26
6.4. Rovvilt	32
6.5. Fugl	38
6.6. Anna vilt	39
6.7. Ulovleg vilt	41
7. Fisk	42
8. Kulturminne	47
9. Bygging	48
10. Motorferdsel	50
11. Friluftsliv/naturvern	52
12. Flom og forbygging	53
13. Vegar	53
14. Camping/telting/spekulative bygg	55
15. Ras/skriu	55
16. Væravhengige forhold i året	55
17. Viktige endringar i arealdisponeringa	57
18. Vassdrag	62
19. Militær aktivitet	66
20. Klimaendringar	66
21. Oppsynsverksemd	68
22. Utfordringar/trusselbilde 2009	68

Forkortingar: FM - Fylkesmannen i Oppland  
 SA - Skjåk Almanning  
 SU - Skjåk Utmarksråd  
 GLB - Glommens & Laagens Brukseierforening  
 TK - Tafjord Kraft  
 KOK - Kraftlaget Opplandskraft  
 SJF - Skjåk jeger- og fiskarlag  
 NIVA - Norsk institutt for vannforskning  
 NINA - Norsk institutt for naturforskning  
 DN - Direktoratet for naturforvaltning  
 SNO – Statens naturoppsyn  
 SNT - Statens næringsmiddel tilsyn  
 KUR- Kontaktutvalget for Reinheimen  
 ØO-Øvre Otta





## 1.FORORD/BAKGRUNN.

2010

Dette er 12.rapporten om naturovervåking i Skjåk kommune. Vi prøver fortsatt å bygge opp eit system for vurdering av bærekraften innan dei enkelte felt, og kople desse for å sjå korleis naturtilstanden i Skjåk kommune er. Kvar er det det buttar? Kvar bør vi sette inn innsatsen? Eller kvar kan vi skryte av å vere spesielt gode?

Oppsettet som er brukt har vore supplert kvart år med nye data for å prøve å presentere mest mogleg heilskaplege data for kommunen. Den årlege rapporten har vore godt motteken av politikarane og andre som har behov for opplysningar om naturtilstanden i Skjåk. Planen vore bygd opp rundt same malen i alle år. Det kan vere behov for vurdering av oppsettet. Etterkvart bør vi prøve å framstille data meir grafisk i staden for tabellar. Dette vil gje eit visuelt betre inntrykk, og dokumentet blir lettare å lese. Dersom du har kommentarar til oppsett, innhald eller noko anna så mottek vi det med takk.

Her følgjer rapporten for 2009.

Mars, 2010

Per Dagsgard  
Leiar Plan-Samfunn-Miljø

Bjørn Dalen  
Konsulent

## 2.NATUROVERVÅKING I SKJÅK.

Skjåk kommune ligg lengst vest i Gudbrandsdalen og har ei flatevidd på vel 2 millionar dekar. 99 % av dette er utmark. Kommunen ligg på vasskiljet mellom aust- og vestland, med store fjellvidder som strekker seg vestover mot Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylke. Kommunen ligg i utkanten av Oppland fylke, langt frå sentrale strog, men med dess meire utmarksressursar.

Det er svært mykje som påverkar naturgrunnlaget inna kommunen. Noko har vi lokalt kontroll over og kan styre. Andre påverknader er det vanskeleg for oss og gjere noko med. Her kan ein peike på så ymse ting som langtransportert forureining, statleg rovviltforvaltning og statleg verneplanpolitikk og statleg oppsyn. I åra framover må vi rekne med store utfordringar frå sentralt mynde også når det gjeld forvaltning av villrein. Etter at rapporten om vilrein og samfunn kom (Visa -rapporten) må vi rekne med at vi får ein reional plan (fylkesdelplan) for Ottadalsområdet som vil fokusere på villrein.

Det er fleire aktørar som er med og overvåker naturen vår. Eindel av desse er referert i rapporten. Kommunen ser det som viktig at alle bidreg med sin informasjon slik at vi kan sjå heilskapen. Godt samarbeid mellom grunneigarrepresentantane Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd gjer arbeidet med utmarka både interessant og utviklande. Med dei store areala vi har i Skjåk er det viktig å ha ein viss systematikk for å kunne følge med i kva som skjer i utmark. Dette dokumentet er meint brukt som eit reidskap for å skaffe seg oversikt gjennom ein årleg status over tilgjengelege registrerte påverknader på utmarka. Det er ikkje meint som eit reidskap for å henge ut bedrifter, organisasjonar eller enkeltpersonar, men for å få vise stoda er, og korleis vi som bur her oppfattar, gjennom og etter, eit kalenderår. Med bakgrunn i status kan lokale politikarane vurdere tilstand og tiltak. Til slutt vil vi takke alle som bidreg med stoff til rapporten.

*Administrasjonen ber om attendemelding på kva andre meiner om innhaldet i dokumentet og vi ber om at de kjem med korrigeringar/tillegg som kan vere med å forme dokumentet slik at det kan bli eit enda betre reidskap for å trekke konklusjonar om framtidig forvaltning og styring av naturgrunnlaget.*  
Merknader kann dykk sende til: [bjorn.dalen@skjaak.kommune.no](mailto:bjorn.dalen@skjaak.kommune.no)



### 3. GEOLOGI-FJELL/STEIN/GRUS/JORD.

#### 3.1. Generelt

Kapitlet skal gje informasjon om eventuell aktivitet innanfor leiting, registrering evt. drift og sanking av bergartar og mineral.

Informasjon om registrering av skjerp v/Bergvesenet i Trondheim.

##### *Aktivitet*

Ny minerallov vedteke 19.06.2009 – Lov om utvinning og erverv av mineralressurser.

Lovas føremål: *Formålet med loven er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarlig forvaltning og bruk av mineralressursene i samsvar med prinsippet om en bærekraftig utvikling.*

##### **Anna**

Andre lover som kan avgrense mineraldrift og har eigne krav om løyver som vil gjelde i tillegg til løyve etter minerallova. Aktuelle lover er forureiningslova, naturmangfoldlova, kulturminnelova, motorferdselslova, nabolova, vannressurslova og jordlova.

##### **Registrering av nye skjerp i kalenderåret.**

Det er ikkje registrert skjerp hjå Bergvesenet inneverande år.

#### 3.2. Bergartar

##### **Generelt:**

Bergartar er oppbygde av eit eller fleire mineral. Det er som oftast minerala i ein bergart som er mest interessanne for samlarar. Av bergartar i Skjåk har det tidlegare vore utteke kvartskifer i Måsåbakkom. Det er opna for uttak av murstein i Kvitingslia på ein lokalitet. Det er og teke ut klebber til peisar, omnar og gryter ,men i svært liten skala.

Enkelte år får grunneigarar og kommunen spørsmål frå enkeltpersonar om å få ta ut heller og murstein. Dette er som ofte i naturområde utan tidlegare inngrep.

##### **Aktivitet**

Det har vore gjennomført ein geologisk ekskursjon i september kvart år for 8.klassetrinn i ungdomsskulen. Denne skal gje innføring i bergartskompleksa i kommunen og litt om mineral. I tillegg blir det lagt vekt på kvartærgeologien med innføring i landskapsformer og danning av dei.

#### 3.3. Mineral

##### **Generelt:**

Mineral er uorganisk fast stoff.

Mineral er det mest interessanne for amatørgeologar. I Skjåk er rauberga (olivinberga) og område rundt dei som har peikt seg ut som spesielt interessanne objekt. Rundt 1840 var det prøvedrift etter svovelkis i Krosshøa og etter kromitt i Dørkampen. Elles har det vore undersøkt fleire lokalitetar. I Mårådalen (platina), Rauhaug(talkum), Skjølajgela (magnetitt).

***Tidlegare status :***

Det er registrert ein viss aktivitet i følgjande område:

- Rauberget-Raudalen (mest)
- Raudberget – Nyseter (lite)
- (Raudhaug - Sota) (lite)
- (Dørkampen) (lite)
- (Høggøymen) (lite)
- Mårådalen (moderat)
- I skjeringar der det har vore anleggsaktivitet
- På massedeponi frå Øvre Øtta utbygginga, spesielt Framrustippen.

***Aktivitet***

Liten aktivitet er registrert no. Skjåk Almenning har fått melding om uttak av mosegrodd stein på Strynefjellet. Dette var enkelt tilfelle, men sidan slike uttak kan vere svært skjemmaende så bør dei regulerast strengt. Det er grunneigar som fyrst og fremst må regulere dette på sin eigedom.

***Truslar:***

- Store uttak eller tømning av mineralske forekomster som har verneverdi.
- Skjemmande inngrep

**Konklusjon:** *Tippområda etter Øvre Otta utbygginga er nå for det meste tildekt. I 2009 er dei siste tippdeponia attlagde (overdekt)og tilplanta, med unntak av delar av Framrustippen.*

### **3.4.Grus/grustak**

#### **3.4.0. Ressursen**

Det er registrert 15 forekomster med eit volum på 1 mill. kbm i kommunen.

#### **3.4.1. Nye grustak**

Ingen registrerte.

#### **3.4.2. ”Ulovlege” grustak**

Det finst ei rekkje grustak rundt om i utmarka i heile bygda som er opna av blant anna landbruksinteresser og allmenningen.

Dette er i dei fleste tilfelle ein uskikk og gjort utan å tenke på generelle konsekvensar.

***Alle kan ikkje ha si eiga grusgruve.***

#### **3.4.3.Status eksisterande grustak.**

##### **Flatmogruva – Lund.**

**Kvartærgeologisk objekt:** Strandsone for store Dalasjø, kote 630 m.o.h, frå siste del av istida for om lag 10.000 år sidan.

**Geologisk struktur:** Hovedsakleg gneis, mindre mengder granitt og litt innslag av fyllitt Flatmogruva er hoveduttaket i Skjåk.

På grunn av dei store årlege uttaka pressar det seg fram behov for regulering av området for



å kunne styreuttaka. Uttaket får etterkvart store landskapsmessige konsekvensar, men gruva er lite eksponert.

**2009:** Grusgruva og området rundt er i 2009 regulert. Området ber etterkvart sterkt preg av uttaket som er svært stort. Det har ført til at vegen inn i Lundadalen blir lagt om ved gruva i 2010. Det går også ein del grus til Lom, bl.a. til betongblandeverket o.a. Flatmoen som kvartærgeologiske interessann landskapsformasjon er i ferd med å bli utradert.

#### **Høgshaugen - Bakke.**

**Geologisk struktur:** Hovedsakleg gneis.

Plan for uttak av grus i Høgshaugen (ved Bakke) er utarbeidd av kommunen etter innspel frå grunneigar. Gruva er sterkt eksponert mot hoveddalføret.

**2009:** Liten aktivitet.

#### **Hyrvegruva.**

**Kvartærgeologisk objekt:** Esker frå siste del av istida for om lag 10.000 år sidan.

**Geologisk struktur:** Hovedsakleg gneis.

Etter samråd med ny eigar er det laga ein plan for tilpynting og uttak. Ferdig og oversendt eigar juli 2000. Eigar har vore i kontakt med aktuell entreprenør.

**2009:** Liten aktivitet.

#### **Geitryggruva-Måne**

**Kvartærgeologisk objekt:** Strandsone for store Dalasjø, kote 630 m.o.h, frå siste del av istida for om lag 10.000 år sidan.

**Geologisk struktur:** Hovedsakleg gneis, mindre mengder granitt og litt innslag av fyllitt  
Dialog med grunneigar, som og eig Høgshaugen. Aktuelt med mindre uttak i samband med tilpynting og kontroll med ulovlege/vilkårlege uttak. Gruva er sterkt eksponert mot hoveddalføret.

**2009:** Ingen aktivitet.

#### **Kjestadgruva-Spelmannshaugen**

**Kvartærgeologisk objekt:** Esker frå siste del av istida for om lag 10.000 år sidan.

Uttak i tråd med pålegg/arrondering gjort av kommunen. Bør vurdere kor mykje som kan takast ut i område før ein kjem i konflikt med kulturminne/kulturlandskap. Gruva er eksponert mot hoveddalføret.

Kontroll av uttaksgrense mai 2003. Synfaring v/miljø- og næringsutvalet hausten 2003.

**2009:** Saman med Flatmogruga er det denne gruva som dekker behovet i Skjåk, men uttaket her er meir moderat.

#### **3.4.4.Deponi Framruste.**

**Objekt:**Deponi av tunnellmasse frå Øvre Otta-tunnell til Rauddalsdammen og frå Breiddalstunnelen.

**Geologisk struktur:** Gneis, blanda bergartar og mineral frå TGL-komplekset som består av flire typer frå harde tunge bergartar til lause talkrike bergartar som eignar seg dårleg til bruk i asfalt og betong. Utbyggar har prøvd å sortere bergartane i deponiet for betre nytting ved uttak.

**2003 :** Framforhandla rettar for uttak av grus frå framtidig deponi ved Framrusta i samband med utbygging av Øvre Otta.



**2009:** Synfaringar saman med NVE påviste at det låg att ein del grusdeponi etter knusing i 2008. Dette skulle vore fjerna. Grunnen er at lagringa har skjedd oppe på toppen av tippen noko som fører til sterk eksponering av området austover. Pålegg om flytting/fjerning av massene med tidsfrist. Det må planleggjast betre korleis ein skal angripe tippen ut ifrå uttaksplanen som er laga slik at dei delande av tippen som ikkje gjeld uttaket kan dekkast og til pyntast.

#### **3.4.5.Deponi Breiddalen.**

**Objekt:**Deponi av tunnellmasse frå tunnel Breiddalen – Rauddalen.

**Geologisk struktur:** Gneis, blanda bergartar og mineral frå TGL-komplekset som består av flire typer frå harde tunge bergartar til lause talkrike bergartar.

Her har det vore fleire alternativ til massedeponering.

**2005:** Etter ny høyringsrunde hausten 2005 er det bestemt at hovudtippen i Breiddalen blir på nordsida av Breiddalsosen, med eit deponi på 290 000 kmb som vil dekke 45,5 dekar. Her vil det bli plass til parkeringsplasser.

I tillegg skal steinbrotet frå dambygginga på slutten av 1980-talet fyllast opp og vika ved innkøyringa til lukehuset.

#### **3.4.6.Deponi Rauddalen.**

**Objekt:**Deponi av tunnellmasse frå tunnel Breiddalen – Rauddalen.

**Geologisk struktur:** Gneis, blanda bergartar og mineral frå TGL-komplekset som består av flire typer frå harde tunge bergartar til lause talkrike bergartar.

I konsesjonen for Breiddalsoverføringa var det gjeve løyve til å leggje ein tipp i forkant av Rauddalsdammen. Denne var rekna til ca.100.000,- kbm. Resten av massene som skulle ut på Rauddalssida skulle køyrast ned til Framrusttippen. Utbyggjar ynskjer nå å leggje mest mogleg masse på deponi Rauddalen.Ca. 300.000 kbm. Kommune er samnd i dette av 3 grunnar. 1. Redusere storleiken på deponi Framruste. 2. Redusere transportavstand. 3. Sikre masser til framtidig renovering av Rauddalsdammen.

**2009:** Deponia tildekt.

#### **3.4.7.Grusuttak i vassdrag**

**2009** Ingen uttak.

##### **Tiltak/overvaking.**

Det trengst ei nøye oppfølging og overvaking av aktiviteten når det gjeld grus generelt. Oppsynet har viktige oppgaver på overvakingssida.

### **3.5.Steinbrot**

#### **Synfaring nytt uttak 2002.**

Uttaket av stein i Skjellvegen er avslutta Vår 2002 har kommunen og allmenningen hatt ny synfaring for å sjå område for uttak av murstein i tida framover. Det er sett på eit område vest for nordre Kvitingen. Det er bygd skogsbilveg til området frå Tundradalsvegen og området er ikkje så eksponert mot dalen.

##### **3.5.1. Mineraluttak**

- **Hobbybasis**  
Lite problem. Stort sett på tippene etter Øvre Otta utbygginga.
- **Kommersielt**  
Ingen uttak i kommunen



### 3.5.2. Steinuttak

Sporadiske uttak skjer, men dei fleste blir avklart med grunneigar. I utmark har Skjåk Almenning vore restriktiv med å gje løyve til slikt.

Murstein har vore teke i Skjellvegen kombinert med vegutbetring. Nytt uttak er tenkt flytta til vest for nördre Kvitingen på egna plass med framført skogbilveg.

### 3.6. Behov

Kommunen prøver å tilordne massebehovet med bakgrunn i 3 kriteria:

1. Mengd (Kbm)

Det årlege gjennomsnittlege behovet for masse i Skjåk er ca. 10.000 kbm

I tillegg kjem årleg kvantum levert betongstasjonen i Lom på max.8.000 kbm.

[Anna behov i Lom kommune.](#)

2. Lokalisering

Det er god dekning i dag med dei 2 grustaka i **Flatmoen** og **Spelmannshaugen**.

I tillegg er det behov for mindre mengd masser lenger vest. Spesielt når Statens vegevesen skal asfaltere riks- og fylkesvegane. Framruste deponi etter Øvre Otta utbygginga vart tenkt som massetak i Billingsdalen. Nå viser det seg at vegvesenet ikkje finn kvaliteten på steinen god nok til asfaltering. Det er heller ikkje massene i Flatmoen eller Spelmannshaugen. Det kan derfor blir naudsynt å søke om å få opne uttak i Øybergsdeponiet etter Øvre Otta utbygginga etter kvart.

Kommunen arbeider saman med allmenningen om å få ruste opp Sotvegen frå Nepholet – Sota.

**2008:** Oppfresing av vegdekket i 2008 var vellukka.

**2009:** [Hausten vart skjeringa i Dyringskleiva reinska og vegen utvida.](#)

3. Transportavstandar

Transportavstandane er spesielt lange til Ostradalen/Bråtå.

Det få gode masseavsetningar her.

Ellers er bygda rimeleg dekt med massetak.

### 3.7. Massedeponering

Det er behov for deponering av overskotmasser ved enkelte tiltak store eller mindre. Dette blir i dei fleste tilfelle tilordna ved at ein andre stader har behov for oppfyllingsmasser av ymse slag. Balanse mellom overskotmasser og behovet for fyllmasser er god. I samband med dyrking blir det ofte større mengder stein til overs. Plassering blir definert i vedtaket om dyrkingsløyvet som blir gjeve, som regel blir stein pålagt grave ned.

#### **Bærekraftvurdering: GEOLOGI-FJELL/STEIN/GRUS/JORD.**

*Utfordringar no er tilpynting av deponia etter Øvre Otta utbygginga.*

1. *Øyberget deponi er attlagt og tilsådd. Synfaring saman med NVE sumar 2007 viste at tilslaget var svært ujamnt. Utbyggar foretek supplering av planter og såing.*

2. *Framrusttippen er delvis planert. Her er det opna for uttak. Massene viser seg å vere dårlege p.g.a. blaute mineral. Uvisst om det er grunnlag for store uttak.uttak og knusing i 2008. Det meste dekt og tilplanta.*

3. *Breidalstippen blir attlagt 2008-09. Tilsådd og planta*



#### 4. Raudbergstippen blir attlagt 2008. Tilsådd og planta

*Flatmogruva er største uttaket i Skjåk. Serleg i samband med Øvre Otta utbygginga. I tillegg tek nå betongstasjonen i Lom masse derifrå. Det er og planlagt uttak i samband med ny asfaltering gjennom Skjåk. Det er viktig med ein god uttaksplan og sikring tilpynting for Flatmogruva. Likeeins godt forhold mellom entreprenør og oppsitjarar.*

*2009: Uttaksarealet byrjer å bli betydeleg. Det er behov for oppfølging av ny reguleringsplan(2009) slik at parti av uttaksområde blir tilpynta ettersom uttaksområdet blir utvida.*

## 4. BOTANIKK

### 4.1. Generelt.

Det er ikkje registrert problem/ skade vedkomande karplanter, mose, lav, sopp, algar og virvellause dyr. Registrering av biologisk mangfald i Skjåk vil føre til betre oversikt over feltet.

### **Kartlegging av naturtyper – verdsetting av biologisk mangfald**

Dette skjer etter eiga handbok utgjeve av DN. Det skal registrerast/kartleggast 56 naturtyper. Skjåk kommune, saman med kommunane Lom, Vågå, Sel har gjennomført dette til ein viss grad. Det vart løyvd både kommunale kroner og midler frå staten til arbeidet. Eigen prosjektleiar stod for innsamling av data. Svakheita ved registreringa var at det var for lite ressurser til å gjere stort anna enn å samle inn gamle data for systematisering. Nye registreringar i marka står att.

### **”Norsk Rødliste 2006”(Raudlista)**

Viktig dokument er den til kvar tid gjeldande norske Raudlista (utg.Artsdatabanken), sist oppdatert og tilsendt kommunane februar 2007. *Dette er ei samanstilling av vurderingar over artar sin risiko for å døy ut frå det området raudlista omfattar.*

### **Norsk svarteliste 2007(Svartlista)**

Svartelista er eit viktig dokument (utg.Artsdatabanken), *Dette er ei økologisk risikovurdering av framande artar som blir innført/kjem til Noreg.*

### **Miljøregistrering i skog (MIS)**

Dette følger instruksen for registrering av miljøkvalitetar i skog. I Skjåk er dette gjort i privatskogen i samband med takst av skog utført av Mjøsen skogeierforening 2004.

Alle skogeigarar har fått tilsendt takstresultatet og kart som viser registrerte miljøkvalitetar på den enkelte eigedom. Skogbrukssjefen har alle data.

I Skjåk Almenning vart det gjort ei likeeins registrering i 2004.

Det er registrert utval av område der det skal gjennomførast spesielle skjøtselstiltak og område som skal stå urøyvde i næraste framtid.( 10 år)

Til grunn for framtidig skjøtsel legg ein ”Levande skog standarden” som legg til grunn at miljøomsyn og må må harmoniserast over eigedomsgrenser.

**Områdetakst i privatskogen:** Ferdig i 2004. Registrering av biologisk viktige område i utmark (BVO) gjennomført i Skjåk allmenning og privatskogane i Skjåk. Område utpeika for friviljukt skogvern.



## 4.2. Planter

### *Freda planter.*

Det er forskrift om freding av truga artar, dagsett 21.12.2001, som no regulerer området. Tidlegar har det vore ei midlertidig forskrift. Forskrifta tek for seg både karplanter, sopp og lav og virvellause dyr. Det er no freda ei rekkje karplanter (inkl.frø).

***Ut over plantane som er freda er det like viktig å merke seg dei som er oppført i den norske raudlista, truga.***

*Nokre av dei plantane vi har i Skjåk og skal ta eit spesielt ansvar for er:*

Orkidear – bl.a. ved Sota

Huldreblom – registrert ved Bråtåsaga og Nordistun Forberg

Marinøklar – ulike artar

*Andre viktige planter å ta vare på er:*

- *Laprose* – Bispberget – Lundadalen – Tundradalen (Kommuneblomst i Skjåk)

*Giftige planter:*

- *Tysbast* - Bråtå(Tuva), Lundadalen, Heggebottlia

*Arter som kan finnast i Skjåk:*

- *Fjellvalmue*
- *Svartkurle*
- *Marisko*

***Tidlegare status:***

Området er framleis dårleg kartlagt lokalt.

***Aktivitet.***

Biologisk mangfald er ferdig registrert i 2004, når det gjeld samanstilling av gamle data. Det var ikkje nok midler til å gjere nye undersøkingar i marka, med unntak av enkelte kontrollar.

Materialet gjorde at vi fekk ei betre innsikt i lokalitetar og område der vi bør ta spesielle omsyn.

***2009 truslar:***

Det er ikkje registrert spesielle truslar overfor botaniske lokalitetar i året.



## 4.3.Tre/skog

### 4.3.1.Avvirking

Leveranse etter skogeigarlag)				
ÅR	Område	Slip%	Skur%	m <sup>3</sup> u.b.
2007	Skjåk Almenning	47	53	8613
2008	Privat skog			2396
2008	Skjåk Almenning	44	56	9920
<b>Totalt kvantum 2008</b>				<b>12316</b>
2009	Privat skog			2515
2009	Skjåk Almenning	30	70	8565
<b>Totalt kvantum 2009</b>				<b>11080</b>

#### *Generelle aktuelle område å følgje:*

- **Store furutre**, klynger, holt, bestand eller område som har stor kulturhistorisk, eller landskapsmessig verdi
- Evt.brot på vernskogforskrifta (for får tre att pr.dekar)
- Uttak av røter til **tjærebrenning**
- **Uvettig veding** som medfører skade på verneverdige enkeltobjekt og bestand, skader på ståande skog eller terrengskader ved utdrift.
- **Aurmofuru** er ei avart av vanleg furu som er registrert i Aurmoen og området rundt. Denne avarten finst antageleg og på Skjølasanden og vestover til Bismo, men dei areala som har dei mest utprega bestanda/individida ligg i Aurmoen

#### *2000 Aurmfuru (Skjåkfuru).*

Kommunen har sjøl stilt spørsmål ved tidlegare regulering av areal i Aurmoen i forhold til den spesielle Aurmfurubiotopen. Ei kartlegging hausten 1999 har klargjort arealproblematikken. Reguleringsplanendring for hyttefelt er gjennomført på austsida av Knutsens veg og sikra eit stort område med Aurmfuru.

#### *Truslar:*

- 1.Ukontrollert uttak av store tre
- 2.Skjøtsel av område med Aurmfuru der det er fare for at vanleg furu blir prioritert.
- 3.Hogst av viktige biotopar for biologiske mangfald.

## 4.4.Moser, Lav og sopp

### *Generelt.*

*Område med lavartar som er freda eller har ein spesiell verdi ut ifrå mengd/opphav.*

**Tidlegare status:** Det finst ei rekkje lavartar i Skjåk som er underlagt vernerestriksjonar eller er under observasjon. Samtidig vil ein del område vere nøkkel biotopar. Feltet er dårleg kartlagt.

**Raudliste-arter**

*Gulmåså (Varglav, ulvelav): Omsynskrevjande.* Registrert lokal forekomst på konsentrert område i Skeisholet. Området Framrusta-Botn-Åsen-Svarttjønn kjent frå gamalt av.

*Lamellfiolkjuka:* Omsynskrevjande

*Langkjuka:* Omsynskrevjande

**Truslar:** Ukontrollert uttak av ved og gamle tre fører til mindre mengd med daud ved som gjev gode levekår for gulmåså.

**4.5. Algar**

**Generelt.** Område med algar som er freda eller har ein spesiell verdi ut ifrå mengd/opphav

**Tidlegare status:** Fagfeltet er dårleg kartlagt.

**Bærekraftvurdering: BOTANIKK**

1. Ulovleg sanking av raudlisteartar

Det er ikkje kjent at lokale biotopar er utsette.

2. Utvettig uttak av tre og plantar

Ingen kjente inngrep i året.

3. Verneområde-status

**Aurmo**

Vern etter PBL

4. Innføring av framande planter og dyreartar.

Til Skjåk er det innført fleire framande treslag. I Skjåk Almenning er det spesielt Contorta furu som representerer noko volum. Fyrste bestanda var planta rundt 1970. Den veks fort og fleire bestand nærmar seg snart hogstmoden alder. Elles finst det litt lerk og bergfuru. Det er ikkje serleg naturleg spreiding av desse treslaga. Enkelte lerkbestand har forynga seg lokalt. Utover dette er det enkelttre av ymse sortar bl.a. poppel og gran.

**2009.** Tiltak for utskifting av Contorta-bestand ved Billingen med stadeigen furu.

[Randsona til Reinheimen.](#)

**Honnsrøve**

Vern etter naturvernlova

Honnsrøve naturreservat manglar forvaltningsplan. Tilpassing mellom bruk og vern skjer stykkevis og delt frå tilfelle til tilfelle. Det viser seg at verneforskrifta ikkje har teke høgde for mange praktiske løysingar. Problem som har oppstått er: Hogging i linetrase, løypekøyning, utkøyning av storvilt, brenning av bål-ved.

**Konklusjon:** Behov for forvaltningsplan

**Generelt**

Med auka tømmerprisar må ein pårekne betydeleg større avvirkning i privatskogbruket enn tidlegar. Dette kan gje eit heilt anna skog bilete enn det vi er van med.



## Moderne skogsdrift

Heilmekaniserte drifter fører til lågare kostnad på avvirkning . Mekaniserte drifter fører med seg tunge maskiner som utan profesjonell og god planlegging samt gjennomføring kan føre til stygge sår og ressursløsing i naturen. Det er fleire eksempel på dette siste åra. Dette skal rettast opp innanfor visse ramer. Både grunneigaren og entreprenør har ansvar her og kan bli pålagt å utføre tiltak av skogbruksmynde.

## 5. FORUREINING

### 5.1. Generelt om forureining

*Statens forurensingstilsyn har skifta namn til Klima- og forurensningsdirektoratet*  
<http://www.klif.no/>

*Det blir lagt vekt på å finne fram til mål som ein kan følgje i åra framover og eventuelt med referanse til tidlegare målingar.*

### 5.2. Luftboren forureining

#### 5.2.1. Lokal luftforureining

Det er 2 store forureiningskjelder til luft i Skjåk.

##### 1. Vegtrafikken

Utsleppet frå vegtrafikken består mest av CO (karbonmonoksyd) og NO<sub>x</sub>, og kjem for ein stor del av gjennomfartstrafikken mellom austlandet og vestlandet etter stamvegen, riksveg 15. Det er lite vi i Skjåk kan gjere ved dette. Dette kjem av fossilt brensel og inngår ikkje i noko krinslaup og er ein stor trussel for klima.

##### 2. Landbruket

Utslepp frå landbruk består bl.a. av CH<sub>3</sub> (metangass) det kjem frå gassar frå avføringa til husdyr. Avgassane frå husdyr inngår i naturen sitt krinslaupet, men metan er ei spesielt farleg gass for klima.

##### 3. Anna

I bustadfeltet i Skjåk, og spesielt i Bismo, kan det på kalde dagar med stillestående luft og intens vedafyring blir store konsentrasjonar av vedgassar og røyk i lufta. Bråtebrenning spesielt om våren har same verknad. Dette er serleg plagsamt for asmatikarar.

#### 5.2.1.1. Skjåk og sur nedbør- konsekvensar

##### Definisjon – sur nedbør

Surheitsgraden blir målt i pH etter ein skala der pH-verdi lågare enn 7 er definert som sur nedbør. Høgare enn 7 er basisk. Heilt reint vatn har pH på 7.

##### Generelt

Vi har ikkje vasskjemiske målingar frå før forsuringa starta i Skjåk.

Hausten 1989 og 1993 vart det samla inn vassprøver frå 36 innsjøar i Skjåk. PH verdiane varierte mellom 5,65 (Nedre Sottjønn) og 6,56 Nedre Utletjønn). Vatn i område vest for Sota hadde generelt dei lågaste verdiane og er såleis dei suraste i Skjåk. Vasskvaliteten er som regel dårleg (mest sur) om våren i samband med snøsmeltinga, men når ein samanliknar med haustprøvene i Skjåk i 1989 og 1993 tyder det på at overflatevatnet i Skjåk ikkje er



spesielt forsura. Nedbøren på indre Austlandet er da heller ikkje spesielt sur. Når ein så veit at Skjåk har lite nedbør generelt så blir verdiane av det sure nedfallet relativt lågt.

**Svovelutslepp til luft går fortsatt ned.**

Størst reduksjon er det frå industrien. Største utsleppa frå industrien kjem frå metallurgisk industri, samt karbidindustrien. Nedgangen skuldast betre rensing i industrien, overgang frå fossilt til elektrisk brensel, bruk av lettare oljeprodukt og mindre svovel i oljeprodukta..

**5.2.1.2.Målt i vatn.**

**Overvåkingsprogrammet: ”Langtransportert forurensa luft og nedbør”.**

Fleire innsjøar i Skjåk inngår i landsomfattande undersøkingar når det gjeld påverknad og forureining. Berre eit prosjekt tok årlege målingar. Det er SFT’s overvåkingsprogram: ”Langtransportert forurensa luft og nedbør”. Her vart det målt 19 parameter.

*Frå 2004 vil det berre bli teke sporadiske målingar p.g.a. mindre midler til dette.*

*I Skjåk er måleobjekta: **Liavatnet og Nedre Søvertjønn,***

der kommunen hjelper til med å ta prøver og sende desse inn kvar haust til NIVA etter haustsirkulasjonen i innsjøane. **Kontakt med NIVA.**

Data for desse to vatna er:

År	Nedre Søvertjønn		Liavatnet	
	Mikroekvi- valentar/ liter (ANC)	pH	Mikroekvi- valentar/ liter (ANC)	pH
1995	6	6,02	12	6,23
1996	5	5,95	20	6,69
1997	12	5,95	26	6,14
1998	12	6,01	24	6,22
1999	16	6,16	23	6,11
2000	11	6,11	25	6,32
2001	17	6,25	25	6,34
2002	20	5,86	30	5,88
2003	16	6,13	33	6,41
Sidan 2003 er det ikkje teke målingar i Skjåk i desse vatna.				

**Bufferevna (ANC)\* har betra seg.**

\*)ANC er vatnet sin syrenøytraliseringskapasitet. Er beste enkeltparameter for å beskrive fiskestatus i sure vatn.(utrekning av differansen mellom base-kationer og sterksyre-anioner.)

**Generelt:**

*Vatna er under ei jamn betring, noko som og er ein generell trend i Skjåk.*



### 5.2.1.3. Luftboren - målt i jordprøver.

#### *Status for sur (Svovelutslepp)nedbør.*

*Tidlegare status:* Feltet er dårleg kartlagt, men det har vore ein merkbar tilbakegang i svovelkonsentrasjonar. Dette har vore spesielt merkbart ved missvekst på kulturplanter i landbruket på grunn av for lite svovel. Dette har ført til at det i 100 kg/da med fullgjødsel må tilsettast 2-3 kg svovel. Dette har vore konstatert heilt sidan byrjinga av 1990-talet.

*Truslar:* Auke av langtransport svovel i nedbør vil føre til forsura vassdrag.

#### **Konklusjon**

Den sure nedbøren vi får i Skjåk kjem utanifrå og det er lite vi kan gjere lokalt for å hindre det

Nedbøren på indre Austlandet er ikke spesielt sur. Når ein så veit at Skjåk har lite nedbør generelt så blir verdiane av det sure nedfallet relativt låge. Årlege målingar viser ei jamn betring, noko som og er ein generell trend i Skjåk.

### 5.2.1.4. Status for NO<sub>x</sub> (nitrogenoksidar) forbindelsar, samt fosfor og kolsyre belastningar.

#### **Nasjonal status.**

#### *Nitrogenutslepp til luft aukar.*

Auke på 2% eller 5000 tonn frå 1998 – 1999. Grunnen er auka forbrenning av naturgass i samband med produksjon av olje og gass og skipstrafikk. Total auke er 4% sidan 1990 eller 228.000 tonn. Brems i utslepp p.g.a. strengare utsleppskrav frå vegggåande køyrety. Desse utsleppa er redusert med 30% sidan 1990.

*Tidlegare status:* Det verkar som nitrogenutslepp ikkje er noko problem no, derimot er det tydeleg at **NO<sub>x</sub> bindingar** overgjødselar områda våre.

Dette er eit faretrugande problem som ein no meiner ein byrjer å merke konsekvensane av.

Resultat på sikt kan bli total endring av vegetasjonen saman med drivhuseffekt (CO<sub>2</sub> utslepp - varmare klima) og generell auke gjennomsnitttemperatur, kan heile det geografiske bilde bli endra. Liten auke i fosfortilgangen kan og vere ei årsak som slår merkbart ut på tilgroing.

*Truslar:* Langtransporterte kjemiske bindingar i nedbør og meir CO<sub>2</sub> i atmosfæren, samt høgare middeltemperatur.

*Oppblomstring av alger i vassdrag i Skjåk verkar å vera aukande. Bl.a. melder gardbrukarar som har observert vassvegar i ein mannsalder ei merkbar auke i både mose og alge oppblomstring.*

Sjå ellers under kapittel 20. Klimatiske endringar.

### 5.2.1.5. Status for tungmetall.

\* *innhald i ymse dyr og fisk. Sjå under kapittel 7. Fisk.*



**Tidlegare status:**

**Eksempel på foreslegne tiltak:**

Frå undersøking hausten 1994, SNT-rapport 1997- elgslakt:

“På grunn av høyt innhold av kadmium, frarådes konsum av nyre fra vilt. For jegere som bruker mye innmat i kosten, bør reduksjon av inntaket av lever fra elg vurderes. Det anbefales ikke å spise kjøtt rundt skuddsår. Jegere bør vise større forsiktighet ved utskjæring av kjøtt fra skuddsåret og bytte kniv før nedskjæring av det øvrige vilt.”

**Aktivitet 2004:** Ingen

**Truslar:** 1. Langtransporterte tungmetall i nedbør

2. Tungmetal i sigevatn frå gamle fyllingar.

3. Tungmetall i sigevatn frå skytebaner.

4. Tungmetall frå blyhagl. Bruk av blyhagl vart forbode frå år 2005.

**5.2.1.6. Status for radioaktivitet.**

**Generelt.**

**Verknader etter Tsjernobyl**

Etter nedfallet i 1986 har tilhøva endra seg ganske mykje. Grunnstoffet Cesium 134 har ei halveringstid på 2 år og verknader av denne har minka sterkt. Det er grunnstoffet Cesium 137, som har ei halveringstid på 30 år, som no fører til utslaga i prøvene.

Dette må vi leve med i mange år framover.

**Måling av bequerell i vilt:**

**Generelt.**

Alle kan sende inn prøve av viltkjøtt for måling. Næringsmiddelkontrollen vil og gjerne ha slike prøver. Innsending har avteke med minkande bequerellinnhald og mindre omtale.

**Radonmålingar i husvære Skjåk**

**Radon generelt.**

Statens strålevern tilrår at ein gjennomfører tiltak for å redusere radonkonsentrasjonen dersom årsmiddelverdien er over 200 Bq/ m<sup>3</sup>. Mellom 200-400 Bq/ m<sup>3</sup> bør ein gjennomføre enkle tiltak som tetting av sprekkar kjellargolv og rundt røyr gjennomføringar og liknande. Ved verdier over 400 Bq/ m<sup>3</sup> bør det gjennomførast tiltak sjøl om desse blir meir omfattande og kostbare. Det er oppretta ei ordning med tilskot mot radon. Denne er administrert av Husbanken. Kontakt: [firmapost@husbanken.no](mailto:firmapost@husbanken.no).

**Nye verdier 2009.**

Tiltaksgrensa er nå 100 Bq/ m<sup>3</sup>.

Maksimumsgrensa er 200 Bq/ m<sup>3</sup>.

**Målingane i Skjåk**

Det vart teke radonmålingar i Skjåk ved årsskiftet 2000-2001. Målingane vart tekne på fleire stader i bygda. Variasjonane var store. Generelt var årsmiddelverdiane målt i Bq/ m<sup>3</sup> slike:

Årsmiddelverdi Bq/ m <sup>3</sup>	% av boligane
Mindre enn 200 Bq/ m <sup>3</sup>	64%
Mellom 200-400 Bq/ m <sup>3</sup>	20%
Større enn 400 Bq/ m <sup>3</sup>	16%



- Over 400 Bq/m<sup>3</sup> var det på lokalitetar i Brandsarteigen, Bismo og Aurmo. Generelt sett hadde Aurmoen dei høgste verdiane, men det er store individuelle skilnader

### 5.3.Vassboren forureining

*Naturoppsynet melder: "For fyrste gong sidan 1998 har naturoppsynet fått melding om grønske i fiskegarn i 2003. Dette var på Pollvatnet og i Mårådalen."*

#### 5.3.1.Målingar teke av NIVA

NIVA tek målingar for SFT under punkt 5.2.1.1. Sporadisk.

#### 5.3.2.Vassdragsovervåking

Skjåk kommune får Lab-Nett as, Hamar [www.labnett.com](http://www.labnett.com) til å analyse vassprøver i Ostre- og Otta elv. Kommunen tek prøvene og Lab-Nett analyserer dei.

ÅSTRE V/UPPNOSE VASSVERK	07.12.09
Total antal bakterier 22grader C ml	54
Termotolerante kolif. Bakt pr. 100 ml	5
Turbiditet, uklarheit	2.1
Intestinale enterokokker pr. 100 ml	0
Ph	6.6
Clostridium perfringens MF	1
Total fosfor ug/Pl	4,3
Nitritt + nitrat	59
Konduktivitet	1.34
Fargetal (etter filtrering)	3
E.Coli - Colilert	<1
OTTA ELV V/MARLO BRU	
Total antal bakterier 22grader C ml	94
Termotolerante kolif. Bakt pr. 100 ml	12
Turbiditet, uklarheit	0,37
Intestinale enterokokker pr. 100 ml	0
Ph	6,6
Clostridium perfringens MF	0
Total fosfor ug/Pl	<2.0
Nitritt + nitrat	59
Konduktivitet	1.76
Fargetal (etter filtrering)	4
E.Coli - Colilert	1

#### 5.3.3.Kontinuerlege vassprøver

Det blir teke vassprøver frå dei 4 vassverka, Uppnose, Øyberget Bismo og Aurmo kvar månad. I tillegg Marlo skule og Nordberg skule.

Enkelt prøver frå private vassforsyningar blir teke sporadisk ofte etter ynskje frå oppsitjarane.

Store konsentrasjonar av koliforme bakteri i Otta elva i august 2004. Dette er noko som kan oppstå av naturlege årsakar utan akutt forureining av noko slag. Endring i vassføring er ei medverkande årsak. Naturen stabiliserer sjølv avviket.

**2009:** Det vart og målt koliforme bakteriar i råvatnet i august 2009 i Bismo.

**Truslar:**

- Langtransportert forureining
- Oksygenmangel lokalt i enkelte innsjøar, år om anna
- Akutt forureining

**2009:** Det er rekna med at nitrogenutsleppa vil auke med 40 % frå bl.a. skip i Europeiske farevatn. Aukande bruk av fossilt brensel og avrenning og fordamping av naturgjødsl fører til sterk auke av reaktivt nitrogen i atmosfæra og auka avrenning til vassdrag. Summen av menneskeskape nitrogen bindingar overstig nå naturskape.(Dag Hessen, UiO)

**5.3.4.Vassdragsforbundet for Mjøsa med tilløpselver danna 2003.****Interkommunal overvåking av Mjøsa med tilløpselver.**

Kommunen tek del i denne overvåkinga og betaler ein årleg andel på vel kr.6.000.

(Andelane er utrekna etter antal innbyggjarar i kvar kommune.)

Overvåkinga ber preg av mykje fokus på Mjøsa og tilstanden der.

*2003: Vassdragforbund for Mjøsa med tilløpselver vart danna 31.03.03.*

*Hovudmål til forbundet er å sikre ein forsvarleg og kontinuerleg overvåking av vasskvaliteten i Mjøsa og tilløpselvene.*

*Kommunen betaler kr.2,50 pr. innbyggjar for kvart år 2003-2004.*

**2007:** På slutten av året mottok kommunen høyringsutkast til strateginotat for

**Vassdragforbund for Mjøsa med tilløpselver.** Forbundet høyrer til **Vannregion 1-** Glomma /Indre Oslofjord. Under vassdragsforbundet blir det lagt opp til eit eige **lokalt arbeidsutvalg** for Gudbrandsdalen d.v.s. Lågen med tilløpselvar. Det er lagt opp til at ein legg seg på eit middels ambisjonsnivå i høyringsutkastet:

Eigen heimeside for vassdragforbundet finn du her:

<http://www.vassdragsforbundet.no/mikpublish/viewarticle.php?id=7>

**Plan-oppstart fylkedelplan 2009**

Det var oppstart-/orienteringsmøte for regional forvaltningsplan med tiltakprogram på Otta 2009. Dette planverket blir vedteke som **fylkesdelplan** av fylkestinget og blir godkjent i Kongen i statsråd. Området er delt inn i 2 planområde, Gudbrandsdalen og Mjøsa.

Lokalt må vi ta del i:

Gjennomføre vesentlige deler av det praktiske arbeidet på lokalt nivå ved å bidra til:

- karakteriseringsarbeidet
- utarbeidelse av miljømål
- tiltaksutredninger og –program
- kost-/nyttevurderinger
- utarbeidelse og gjennomføring av overvåkingsprogram
- utarbeide vassdragsplan som innspill til regional plan
- legge til rette for medvirkning

**Framdrift:**

Tidsfrister 2. planperiode

Alle vannområder skal være fullkarakterisert innen 31.12.11.

Forvaltningsplan for hele vannregionen vedtas 31.12.15.

Miljømålene skal være nådd innen 31.12.21.



## Økonomi

Kommune må delfinansiere planarbeidet med eit beløp pr. innbyggjar

### 5.3.5. Tundramo komposteringsanlegg

Det vart utarbeidd ein rapport for Tundramoen med tanke på slamdeponering, for kompostering, av Jordforsk. Denne var positiv til etablering av eit slambehandlingsanlegg under visse føresetnader. Området vart regulert og opparbeidd i år 2000. Anlegget vart teke i bruk på slutten av året 2000. Vinteren 2000/2001 vart det deponert avvatna slam frå renseanlegga i Bismo, Aurmo og Dønfoss og frå tette tankar og slamavskiljarar. Sumaren 2001 vart det bygd blandegrop i betong. Slammet blir lagt i ranker iblanda flis frå miljøstasjonen i Bismo. Den fyrste flisa hadde eit stort innslag av plast m.m. Dette er nå utbeta. Rankane blir vendt 6 gonger i året i tråd med driftsinstruks. Sidan har anlegget vore i drift.

Det blir teke kontinuerlege prøver av slammet. Slammet kan ut ifrå prøvene brukast både til grøntareal og jordbruksføremål sett i forhold til tungmetallinnhald. Bakteriologiske prøver må takast når slammet har vore mellomagra før det blir nytta.

Det blir teke vassprøve i grunnvassbrønn nordvest for anlegget. Desse prøvene viser ingen tegn til forureining frå slamdeponiet.

## 5.4. Forureining frå landbruket

### *Generelt.*

Generelt god tilstand når det gjeld forureining frå landbruket.

Det er tendens til auka sporadiske utslepp, men bygningsmassa i Skjåk er generelt høg.

### 5.4.1. Akutt forureining

*Tidlegare status:* Det har inna landbruket vore gjennomført omfattande tiltak på forureiningssida, heilt sidan slutten av 1970-talet, og utover 1980 talet, bl.a. Mjøsaksjonen. Etter dette vart ordninga vidareført som tekniske miljøtiltak i landbruket. Dette har ført til at det er jamt over bra tilstand på dei fleste gardsbruk i Skjåk. Noko avrenning vil det likevel vera, men denne er også redusert mykje etter at ordninga med endra jordbearbeiding var sett i gang.

### *Aktivitet 2009*

Gjennomgang av spesielle utfordringar i samband med utarbeiding av handlingsplan for klima.

### *Truslar:*

Det er heile tida overhengjande fare for punktutslepp i landbruket. Spesielt der det vart overgang til anna form for husdyrgjødselhandtering, frå turrkjødsel til blautkjødsel. Det blir heile tida anna trykk på veggjar og portar i gjødselkjellarar. Kapasiteten i enkelte kjellarar er heller ikkje gode nok etter at krav om effektivitet i landbruket har ført til fleire dyr på kvart enkelt bruk siste åra.

### *Tiltak:*

1. Ta tak i problematikken der og da.
2. Eit tilbakevendande spørsmål er tiltak for å ta vare på og utvikle nyetablering av skjermbelte med vegetasjon langs vassdraga.



### 3.Informasjonsarbeid

#### **5.4.2.Kadaver frå landbruket.**

##### **Generelt**

Den store husdyrproduksjonen som er i Skjåk fører til at det blir eit betydeleg antal kardaver gjennom året. Desse blir tekne hand om **gratis** av Nortura, Otta. Likevel er det ein del som kører dyr ut på avsides plassar.

Det er ikkje lov å bruke desse som åte under t.d. jakt.

##### **Truslar.**

Det er registrert at ein del av desse blir lagt i utmark/innmark, slik at ”naturen tek hand om dei”. Trusselen er visst slikt blir lagt ved drikkevasskjelder og vassdrag.

##### **Tiltak:**

Der tilhøva har kravd det er daudt vilt flytta til egna plass inna området eller brukt til åte under rev/jervejakt.

#### **5.4.3. Behovet for nye areal.**

Skjåk er ei aktiv jordbruksbygd med ca. 40.000 dekar jordbruksareal. Det er 224 bruk i aktiv drift og næringa utgjer 30% av sysselsettinga i kommune. Næringa er pressa p.g.a ramevilkåra.

Siste åra har det vore gjeve tilskot til nydyring. Det meste av nydyrkinga skjer gjennom utbetring av arrondering i tilknytning til på eksisterande dyrka areal. Siste åra er det i ein del enkelt tilfelle vore søkt om forholdvis store areal til nydyrking der, Desse areala er for det meste kledt med skog. Desse tiltaka byr på ekstra utfordringar bl.a. i forhold til avrenning og forureining. Det er og utfordringar i forhold til rikspolitiske retingsliner for verna vassdrag.

#### **2009**

Det er handsama ei sak om dyrking på Lundahaugom. ved Skjøle. Her er det gjeve løyve til dyrking på visse vilkår.

Det er handsama ei sak om dyrking i Bråtå. ved Ostri. Her er det gjeve avslag til dyrking på grunn av nærheitl til verna vassdrag

#### **5.5.Forureining frå bustader**

##### **Generelt.**

Kontroll med forureining frå bustad er streng og ein ser ikkje store generelle problem med dette.

##### **Akutt forureining.**

Ein del oppsitjarar med private anlegg må kvart år fornye eller bygge om desse.

**Truslar:**

Ulovleg bygde, skadde eller dårleg fungerande utsleppsanlegg

**5.6.Forureining frå hytter****Generelt.**

Ei av hovudoppgåvene for naturoppsynet er å overvake om det blir laga spesielle arrangement for avløp og inntak av vatn til hytter. Av dei område som har størst generelle problem med infiltrasjon er Bråtågrenda.

**Akutt forureining:**

Ikkje registrert.

**Tidlegare status:**

Kommunen fører ein streng politikk og teke fatt i dei anlegg som har vore ulovleg bygde.

**2009:** Dette er ein kontinuerleg prosess som blir slegen hardt ned på med bøter.

**Truslar:**

Ulovlege bygde permanente anlegg og spekulative innretningar for å skjule installasjonar.

**5.7.Forureining frå bubilar**

Sjå under punkt 5.2.1.-betydeleg forureining frå biltrafikken

Bubilprosjektet har konkludert og sett opp skilt med tilråding om at vegfarande brukar campingplassar til overnatting. Skilta oppsett på avkøyningar og rasteplassar langs R 15 og gamle Strynefjellsvegen. Undersøking i 2000 viser at skilta ikkje har nokon serleg verknad.

**Konklusjon:**

Skjåk Almenning har gripe fatt i problematikken med langtidscamping og har vedteke nye reglar for slik overnatting i sak 56/2000 i allmenningstyret. Desse er i trå med friluftsløva, og gje ikkje høve til å overnatte meir enn 2 døgn på same staden, med campingvogn, bobiler, kombicamps og busser, på allmenningens grunn. Unnateke er dei 2 opparbeidde plassane på Aursjoen. Allmenninga vil vurdere om det er behov for fleire slike plassar.

Ordninga til Skjåk Almenning vart sett i gang i år 2002 .

**2009:** Vanskeleg å kontrollere forureining frå bubilar. Krev overvaking av utsette lokalitetar.

**Tøместasjonar for toalett-bobilar og campingvogner**

- Statoil Bismo (kommunen) – for almenta
- Furuly camping – for dei som overnattar
- Stuttgongen – for dei som overnattar



## 5.8. Større avløpsanlegg – renseanlegg i Skjåk

Anleggsnavn (Oppstartår)	Max. PE.	Merknader
<b>Bismo (1979)</b>	1400	
Grotli hyttefelt inkl hotellet	583	
Grotli Fjellstue	25	
Øyberg sæter + campingplass (2000)	189	
<b>Dønnfoss (1991)</b>	100	
Stuttgongen Camping	76	
Pollfoss Turistheim (1976)	125	
Furuly camping	105	
<b>Aurmo (1981)</b>	240	
Gjeilo camping	180	
Skjåk sæter	100	
Stuttgången camping (1998)	115	
Heggli camping	20	
Skamsar camping	45	
Sota sæter (1990)	56	
Kåjede	16	
<i>PE= Person Einingar. 15PE= 22,6 personar</i>		

Oppgradering av Aurmo renseanlegg er fullført i 2007.

Bismo renseanlegg oppgradert 2008/09.

### 5.8.1. Turistbedrifter med private avløpsanlegg.

#### Tidlegare status.

4 avløpsanlegg vart gjennomgått saman med fylkesmannens miljøvernavdeling hausten 1999. Det vart gjeve nødvendige utbetningspålegg.

#### **Bærekraftvurdering: FORUREINING**

Å måle bærekraft i forhold til forureining er kompleks fordi det er så mange einingar å ta omsyn til. Det totale inntrykket er likevel at situasjonen i 2007 er god i Skjåk.

#### **2009**

I 2009 er det utarbeidd *handlingsplan for klima og energi* med bakgrunn i ein regional hovuddel av planen. Registreringar som SSB har gjort viser at vi har store utfordringar når det gjeld forureining frå **vegtrafikk** og **landbruk**.

Når det gjeld vegtrafikk så er det lite vi kan gjere med den store gjennomfartstrafikken til og frå Vestlandet. Verre (større trafikk) vil det bli når ny forbinding til søre Sunnmøre blir opna i 2012 (Kvivsvegen).

For landbruket ligg utfordringa i avgassar frå husdyr. Her er det viktig å følgje opp handtering av husdyrgjødsel å få pløgd denne ned fortast mogleg etter spreing. På grasmark er det ny teknologi som gje større effekt på å få gjødsel ned i jorda og ta betre vare på nitrogenet.



## 6. ZOOLOGI/VILT

### 6.0. Generelt

Viktig dokument er den til kvar tid gjeldande norske **Raudlista** (utg.Artsdatabanken), sist oppdatert og tilsendt kommunane februar 2007. *Dette er ei samanstilling av vurderingar over artar sin risiko for å døy ut frå det området raudlista omfattar. Det er i 2007 også gjeve ut ei Norsk svartliste. Dette er ei oversikt over framande artar som ein ein ikkje ønskjer i Noreg , men som er registrerte her. Kjende artar er **villminken** og **iberia sneglen**.* Sjø punkt 4.1.

### 6.1. Virvellause dyr

*Generelt: Ingen av dei artane som er freda er kjent i Skjåk.*

*Artar som kan finnast i Skjåk: Apollosommerfugl*

*Tidlegare status: Fagfeltet er dårleg kartlagt*

### 6.2. Gnagere

**Tidlegare status:** Smågnagerår: 1966, 1992 (avgr. til Nordfjellet), 1994.

#### **Bever /gamalnorsk: Bjør)(latin: Castor Castoridae)**

Gnager, den største arten av gnagere på den nordlege halvkule.

Vår bever er av den eurasiatiske arten.

Beveren har dei siste åra spreidd seg oppover Gudbrandsdalen og inn Ottadalen.



I 2005 var fyrste året det var registrert spor etter bever i Skjåk. På baksida av Otta/Skim ned for Brekk/Soglo er det registrert gnag etter bever. I 2009 er det observert bever i Harsheimhølen fleire gonger. Mellom fylkesvegen på solsida og elva har han felt mykje lauvved og drege uti vatnet. Den overvintra i området. Det er vore sett bever heilt nord til Langleite i år.



### 6.3.Hjortevilt

#### 6.3.1.Stipulerte bestandar:

**Elg:** Stipulerte bestand er *bestanden etter jakta om hausten*. D.v.s. bestand fråtrekt felt vilt under jakt og fallvilt av ymse slag gjennom året. Jamt høge vekter på skotne dyr 2005.



**Hjort: Etter jakt**

2007 er hjortestamma framleis stor, kanskje 300 dyr. *Stammen har vore, og er, aukande.*

**Teljing januar 2010:** Bestand 130-50 dyr (funn ca.100 dyr).

**Rein: Villreinområdet Ottadalen:**

**Status:** Kalveteljing vart gjennomført 2001 av Villreintvalet/NINA. Strukturteeljing vart gjennomført av Knut Granum hausten 2002. Flyteljing vart gjennomført 28.02.02 av Granum/Haugen og gav eit godt grunnlag for fastsetjing av jaktkvota for jakta 2002.

Område/År	2008	2009
Nordområdet	1725	1729
Sør og vestområdet	644	764
<b>Totalt</b>	<b>2369</b>	<b>2493</b>

**Kommentar til stammestorleik for villrein i Ottadalsområdet 2009.**

Av dei 1729 dyr som går i Nordområdet er 31 dyr Trollstigreinen registrert i Valldalsområdet. (Sjå historikk under.)

Av reinen i sørområdet er 214 dyr observert på sørvest i Blankåhaugan, av dei resterande 550 dyra er ein del innvandra frå Vest Jotunheimen i 2008.

**Utsett rein.**

I februar 1999 vart det utsett 49 stk. tamrein ved Trollstigen, 1 døydde under transport. Desse vart merka med raude øyremerke, merka "Trollstigreinen". Simlene har i tillegg raude halsband. Av "Trollstigreinen" (reinen som vart innkjøpt i Røros traktene) vart 23 dyr observert ved Nysetra fyrst i desember. Dyra vandra over Botn og var sist observert ved Framrusta. Utover våren verka det som at ein del dyr forsvann attende mot Romsdal. Tiltaket kosta kr.325.000,- som vart kosta av grunneigarlaga i området, fjellstyra og kommuner(næringsfond), samt Statsskog, Rauma kraftverk og BU-fondet(50%). DN bidrog ikkje med midler.

**Rein – konflikt**

- Det er blitt populært for skigåarar å kome opp frå Stryn, parkere ved Geirangerkrysset og gå på ski innover mot Oppljosvatnet. Dette skjer som regel i månadsskiftet april/mai. I dette tidsrommet er det ofte rein i området. .  
Villreinutvalet har sett opp advarselsplakat ved parkeringsplassen.
- Det er oppført eit meir solid gjerde frå Aursjodammen og ned til gjerde rundt nye Bakkesetra. Dette gjerdet stenger all ferdsle frå aust for Aursjoen og fram på Bispberget om sumaren. Villreinen vil ikkje ha moglegheit for på barmark å kome inn og ut av Bispberg-området austover. Fleire gonger under jakt har villreinflokkar trekt ut på Bispberget.

**2007 vår:** Det meste av reinen i vestområda kom ned i Breidalen fyrst i mai og vart der utover månaden til kalvinga starta. Dette skapte ein vanskeleg situasjon i forhold til trafikken. Da reinen forlot området hadde det vore fleire ulukker og nesten-ulukker med 9 daude reinar som resultat. Bakgrunnen for at reinen søkte tilhald der var bl.a. at Mesta brukte vanleg sjøsalt på vegen ved tunnelmunningen. Vi hadde møte med vegvesenet for å finne ei løysing. Det vart skilta ekstra godt frå båe sider og lagt ut saltstein oppe i lia i Breidalen. Dette hjelpte til ein viss grad.

**2009****Vest Jotunheimreinen****Kommuneplanen – hytter - villrein**

I samband med ferdigstilling av kommuneplanarbeidet vart det meldt innsigelse frå fylkesmannen på hyttefelt i Billingsdalen. Spesielt Grotliområdet vart fokusert som eit sensitivt område i forhold til villrein. Kommunen sette ned ei gruppe som utgreidde problematikken og som kom med forslag til kompenserande tiltak og endring av planen med reduksjon av antal hytter.

**Rådyr:** Stipulert bestand i Skjåk 2009: Vanskeleg å anslå men ut ifrå observasjonar er rådyrbestanden oppe att på eit akseptabelt nivå.



**6.3.2. Fellingsløyve og avskoting hjortevilt 2009 (fjorårstal i parentes).**

**Elg**

Skjåk Utmarksråd	Skjåk Almenning	Total	
30	50	80	Fellingsløyver
30	50	80	Felt
100	100	<b>100</b>	Fellingsprosent

**Hjort**

Skjåk Utmarksråd	Skjåk Almenning	Total	
60	40	100	Fellingsløyver
42	26	68	Felt
70	65	<b>68</b>	Fellingsprosent

**Rein**

Sørområdet (Skjåk kvote)	Nordområdet (Skjåk kvote)	Total Skjåk	Total, heile villreinområde	
137(132)	229(320)	366(452)	828(1080)	Fellingsløyver
131(122)	150(206)	281(328)	610(660)	Felt
95,6(92,4)	65,5(64,4)	76,7(72,6)	73,4(74,8)	Fellingsprosent
Villreinjakta ga 11850 kg kjøtt til jegerar som jakta i Skjåk.				

**Rådyr**

Skjåk Utmarksråd	Skjåk Almenning	Total	
30(25)	30(25)	60(50)	Fellingsløyver
10(7)	11(11)	21(18)	Felt
34(28)	37(44)	35(36)	Fellingsprosent

**6.3.3. Økonomisk utbytte av elg-, hjort- og reinsjakta**

**2009 felt:** 281 reinsdyr i Skjåk (fellings-%: 76,7%) , 80 elg (100%) og 68 hjort (68%)



### 6.3.4.1. Rettshavarane

*Utbyte av jakta for dei 3 artene representerte i 2009 ein verdi på kr. 2.925.000,- kr.*

(Noko gjekk til staten/kommunen i form av fellingsavgift, moms og andre avgifter, men rettighetshaverne satt att med nærare 3 millionar kroner netto også dette året)

### 6.3.4.2. Salg av jaktrettar

Skjåk Almenning hadde ei inntekt på kr. **2.528.137** av jaktrettane i 2009.

I tillegg kjem inntekter av elg/hjort og rådyrjakta i grunneigarlaga (Skjåk Utmarksråd) stipulert til kr. 300.000.

Inntekt 2009	Skjåk Almenning
Villrein	1.729.844
Elg/hjort	705.130
Rådyr	11.600
Småvilt total	81.563
<b>Total</b>	<b>2.528.137</b>

### 6.3.4.3. Fellingsavgifter

#### Staten

##### Villrein:

Staten fekk kr. 71.760,- i inntekt av fellingsavgiftene for villrein frå Skjåk.

#### Kommunen

Elg/hjort: 2009

Retthavar/Art	Elg(kr)	Hjort(kr)	Total(kr)
Skjåk Almenning	19.935,-	12.440,-	32.375,-
Skjåk Utmarksråd	12.195,-	12.740,-	24.935,-
<b>Total til kommunen(kr)</b>	<b>32.130,-</b>	<b>25.180,-</b>	<b>57.310,-*</b>

\*)Kommunale midler blir avsette på bunde driftsfond. Mykje av midla blir brukt til Fallviltarbeid og forebygging for påkøyrslø ved å kjøpe og legge ut rundballar eit stykke frå vegane.



### 6.3.5. FALLVILT

*I Skjåk er vi utilfredse med at kostnader for å taka hand om fallvilt av rein ikkje blir dekt av direktoratet. Direktoratet tek inn ca. kr.100.000,- kvart år i fellingsavgift frå Skjåk Allmenning sin villreinkvote.*

#### Fallvilt statistikk hjortevilt

##### Elg

*Det er registrert **17 elgar** med irregulær avgang i kalenderåret.*

*Avbøtande tiltak:* Det vart starta med foring i Nordberg før jul 2005.

##### Hjort

##### Irregulær avgang

*Det er registrert **13 hjortar** med irregulær avgang i kalenderåret.*

##### Rein

*Det registrert **2 rein** med irregulær avgang i kalenderåret. Dette gjeld meldte dyr.*

*Avbøtande tiltak:* Sjå omtale under 6.3.1.

##### Rådyr

*Det er registrert **12 rådyr** ved irregulær avgang i kalenderåret.*

#### Fallvilt/ årsak

Årsakene til avgangen kan delast inn slik for alle hjorteviltartene:

#### 2009

3 drukna	12 ukjent årsak	3 hengt seg i gjerde
21 påkøyrt	2 teke av rovdyr	
2 kassert under jakt	1 skadeskoting	

#### 6.3.5.Kardaver av vilt.

Det er blir ein del kadaver av elg, hjort og rein i løpet av året. Det meste av kardaver blir brukt til åte for jakt. Anna køyrt til ein egna plass i Kvitingslia.



### **6.3.5. Forebygging for å hindre hjorteviltskader i landbruket**

Dei elektriske gjerda som er innkjøpt er i aktiv bruk. Kommunen låner ut gjerde. Berre gjennom god oppfølging klarer ein å demme opp for skadar. Dette krev at ein kan flytte gjerde og utstyr gjennom sesongen frå problemområde til problemområde. I enkelte område som Bråtå er det store område som er gjerda inn permanent. Utstyr som blir supplert til kvar tid:

**Vi legg vekt på å ha stor fleksibilitet i bruken av ein del av gjerda slik at dei blir utnytta optimalt. Ansvarleg: Landbruk.**

#### **2004.**

Registrert at beiteskader på innmark aukar også i andre område en dei som siste åra har vore råka. Nå merkar ein og auka skader i Jøingslia. Kommunen har kjøpt inn og lånt ut mykje elektrisk gjerdemateriell siste åra som no står permanent mange stader. Eindel apparat har vore til utlån. Dette materiellet er for det meste innkjøpt med tilskot frå fylkesmannen og allmenningen. Dersom tilskota forsvinn vil det vere vanskeleg for kommune å dekke desse utgiftene sidan ein til viltformål har berre eit mindre viltfond. Skader er på innmark skal i utgangspunktet forebyggast av eigaren.

#### **2005.**

Mykje snø førte til at elg og hjort vart ståande nede i bygda til det vart bert. Dette førte til beiting på innmark og ein del møkk på innmarka, serleg bruk i Jøingsli og Kvitingslia vart utsett.

#### **2006**

Kanskje det mest intense året med elg og hjort nede i bygda på gardane til no. Kommunen beslutta å byrje og fore dyra på plassar eit stykke frå veg. Dette vart prøvd i Kvitingslia ved Kvitingen, Storlien og Nyland. Før fyrsteslåtten vart det sett inn ei reportasje for å informere gardbrukarar at dei bør lagre rundballar meir strategisk i forhold til beiteskader.

#### **2007**

Foring av elg/hjort fortset i 2007(fyrste på året 2006 i kommunal regi. Foring i Oppnåse-Kvitingslii. Ein del private forar også hjortevilt. Vi meiner dette har ei preventiv verknad for påkøyrslø ved at ein dreg viltet bort frå vegane ved strategisk plassering av foret.

#### **2008**

Foring førte til ein del lokale beiteskader på produksjonsskog der det var lagt ut for.

#### **2009**

Elgen er nærgående på lokale stader som rundt Dønfoss. Mindre foring og mindre skader på skog.



## 6.4.Rovvilt

### 6.4.0.Forvaltning

#### Ny ordning med regionar og rovviltnemnder innført 2005

Ved forskrift dagset 18.03.2005 vart det innført ordning med regionale rovviltnemnder. Heimelen ligg i § 4 i viltlova.

ROVVILTNEMND – REGION 3 - OPPLAND
Reidun Gravdahl, <b>leiar</b>
Ivar Odnes
Aksel Hagen
Morten Ørsal Johansen
Anne Marie Bagstad Jøranli (vara)

Nemndene forvaltar dei store rovdyra (bjørn, ulv, jerv og gaupe) innanfor regionar. Skjåk ligg i region 3 som omfattar Oppland fylke.

**Regionalt bestandsmål** er: 5 ynglingar for **gaupe**-bestand ca. 30 individ.  
4 ynglingar for **jerv**-bestand ca. 25-26 individ

### Organisering

**Forvaltningsmynde:** Rovviltnemnda for region 3

Område som omfattar bl.a. Skjåk: Lisenseområdet A: Sør for Gudbrandsdalslågen/Lesjaskogsvatnet/Rauma og fylkesgrensa.

- Det er no det statlege SNO organet som skal ta seg av skadedokumentasjon for rovvilt.
- **2001.** Gjennomgang og ei oppdatering av det kommunale rovviltjaktlaget. Leiar er Morten Brekkum.
- Innføring av skotpremie på rev hausten 2002. Ordninga blir administrert av Skjåk Almanning. Premien blir betalt ved ei 4-delning på: Skjåk Almanning, Skjåk Utmarksråd, Skjåk Beite- og sankelag og Skjåk jeger- og fiskarlag. Evaluert i 2003. Alle partar ville at ordninga skulle fortsette på same vilkår.
- Bjørneangrep gjorde at ein på slutten av året 2005 byrja å planlegge ei oppdatering av rovviltjaktlaget
- 2006 har Skjåk kommune utarbeidd "Beredskapsplan for tiltak i samband med rovviltangrep i Skjåk kommune". Formannskapet løyvde kr. 30.000,- til beredskap i sak 48/06. Avsett til seinare bruk.

### 6.4.1.Bjørn

#### Brunbjørn (latin: Ursus actors)

Vår brunbjørn er av den eurasiatiske arten. Den vart totalfreda i 1973.

#### Observasjonar:

**Hausten 2004** vart det observert spor etter bjørn i Skjåk.

#### Angrep 1.

16.mai : Oppnosjordnet. Ein bjørn slår i hjel 2. veddar og skadar sterkt 1 til.

*Dette er fyrste sikre dokumentasjon på bjørn i Skjåk på mange tiår.*

**Angrep 2.**

27.juni : Heggebottlia. Funn av 1 dau søye og 1 lam.

**Angrep 3.**

11.august: Aursjolia. 3 søyer drepne + 1 søye i Heggebottlia

**Avvik i statistikk for sauetapet 2004-2005.**

Det er 7 dokumenterte sauer teke av bjørn og eit lam ikkje dokumentert, i 2004.

**2006**

Bjørnen vakna att rundt 20. mars 2006. Hiet vart funne rundt 1.mai, ei boso(lego/seng) inne i eit tett bestand med gran ved Sagen i Billingsdalen.

Bjørn grov hausten 2006 ut hi i Lundadalen. SNO meiner det er eit "prøvehi". Våren 2007 vil kunne vise om den låg i hi i Skjåk i vinter.

**2007**

Far etter bjørn sett om våren ved Tundradalskyrkja. Sidan, ingen observasjonar i året.

**6.4.2.Ulv****Observasjonar:**

Sporadiske meldingar som er svært usikre. Sannsynleg at streifdyr har fare gjennom Skjåk i februar 2002.

(13/7-97. 1 ulv observert av villreinforskar E.Reimers i Tundradalen)

**6.4.3.Jerv**

**Kvote 2009/10: Totalkvote oppland 5 dyr med hunddyrkvote på 3 dyr.**

**Kvote i lisensområde B - vest for Gudbrandsdalslågen – 3 dyr.**

**Hiregistrering**

Staten brukar store ressursar på å registrere bestanden for dei store rovdyra. Det er utført hiregistrering betalt av SNO.

**Hiregistrering** på vårvinteren 2009 utført av naturoppsyn i bygda førte til at det vart overvåka to lokalitetar.



**Tidlegare status**

Det er mykje som tyder på at uttaket av jervtisper har vore med å avgrense jervbestanden i Skjåk. Vi har ikkje registrert ynglingar før i 2002 da det sannsynlegvis var yngling i Tordalstraktene.

**Lisensjakt jerv.**

<b>Uttak av jerv i Skjåk 1997-2009</b>						
Lisensjakt på jerv innført ved sentral forskrift dagsett 07.11.97						
Sesong	Dato/år	Kjønn- Hann Ho	Vekt- kg	Felt kvar- stad	Jeger- Namn	Type uttak
<b>1997/98</b>	Ingen felling i Skjåk					
<b>1998/1999</b>	09.02.99	Ho	9,525	Mitre Gjelåe	Odd I. Bakken	Lisensjakt
<b>1999/2000</b>	01/2000	Ho	10,5	Raudberget	L. Brekkum	Lisensjakt
<b>2000/2001</b>	Ingen felling i Skjåk					
<b>2001/2002</b>	08.12.01	Ho	11,0	Mårådalen	B.S.Tengesdal	Lisensjakt
<b>2002/2003</b>	Ingen felling i Skjåk.					
<b>2003/2004</b>	02.01.04	Ho	8,7	H.Lundadalstr	M. Brekkum	Lisensjakt
		Ho		Heimdalen	Odd I. Bakken	
		Unge	-	Tordalen	SNO	Uttak
		Unge	-	Tordalen	SNO	Uttak
<b>2004/05</b>	14.02.05	Hann	15,2	Skjellom	Lodvar Brekkum	Lisensjakt
<b>2005/06</b>	16.01.06	Hann	15,3	Tålormkveen	Leif Egil Rustad	Lisensjakt
<b>2006/07</b>	03.02.06	Ho		Hamsevika	B.S. Tengesdal	Lisensjakt
<b>2006/07</b>	?	Ho		Lundadalen	SNO	Uttak
<b>2006/07</b>	?	Unge		Lundadalen	SNO	Uttak
<b>2006/07</b>	?	Unge		Lundadalen	SNO	Uttak
<b>2007/08</b>	11.02.08	Hann	13,5	Skjellom	Lodvar Brekkum	Lisensjakt
<b>2008/09</b>	19.12.08	Tispe	10	Lundadalen	B. S.Tengesdal	Lisensjakt
<b>2008/09</b>	02.02.09	Hann	13	Tålormkvee	Gjermund Flaten	Lisensjakt
<b>2009/10</b>	29.01.10	Tispe	10,2	Hamsevika	B. S.Tengesdal	Lisensjakt

*Slik ein har forstått det utløyer fellinga eit "jegerstipend" til jegeren på minimum kr.5.000,- frå Skjåk sau- og geitavlslag til: "Forbetring av jaktferdigheter ved felling av rovdyr."*



### Åter

Det har vore utstrakt bruk av åte til jerv i Skjåk. Siste åra er det innskjerpa at åtene skal bestå av åtsel av ville dyr. Fallviltnemnda omdisponerer kardaver av hjortevilt som blir teke hand om og fordeler det til åte. Åtejakta har vist seg effektiv.

Åtene blir kombinert med jakt på rev. I 2006/07 er det registrert 8 åter i Skjåk: Billingen, Lundadalseter, Skjellom, 3 stk Liavatn, Heggebottseter, Breidalblikk.

*Viktig å regulere antal åter. Det må ikkje bli slik at åtene fører til meir jerv(større matfat). Ut ifrå statistikken er avskotinga minimal, med stort sett 1-2 jervar i året.*

### Uttak av jerv på sørsida av Ottaelva 2009.

Skadefelling i regi av SNO(ref.SNO)

Nr	Dato	Kjønn	Alder	Kommune	Merknader
1	23.03	han	voksen	Luster	
2	23.03	han	voksen	Luster	
3	25.03	han	voksen	Lærdal	
4	25.03	han	voksen	Luster	
5	15.04	ho	kvelp	Luster	hi
6	15.04	han	kvelp	Luster	hi
7	15.04	ho	voksen	Luster	hi
8	17.04	han	voksen	Lærdal	
9	18.04	ho	voksen	Luster	hi
10	18.04	ho	kvelp	Luster	hi
11	18.04	ho	kvelp	Luster	hi

### Uttak av jerv på nordsida sida av Ottaelva 2009.

Uttak under jakt.(ref.SNO)

Nr	Dato	Kjønn	Alder	Kommune	Merknader
1	04.02	han	voksen	Rauma/Verma	Rifle
2	07.02	ho	voksen	Nordal/Valldal	Rifle
3	07.02	han	voksen	Lesja	Rifle
4	17.12	ho	voksen	Nordal/Valldal	Bås

### Bærekraftvurdering jerv.

Store uttak og godt resultat av lisensjakt i nabokommunar i 2009 har ført til at jervebestanden er redusert betrakteleg. Ved årsskiftet 2009/10 er det observert 2-3 jervar/spor som frekventerer området Skjåk

### Konklusjon

Stammen vart sterkt redusert i 2009- med heile 16 dyr. I månadskiftet 2009-2010 er det observert spor etter 2-3 jervar som frekventerer Skjåk. Antalet er sterkt redusert i 2009. Uttaket av jerv i områda rundt Skjåk har ført til at jerveskadene er redusert i 2009.



#### 6.4.4. Gaupe

##### Kvote 2009: Totalkvote Oppland 10dyr

Område 1: Lesja, Lom, Skjåk, Vågå, Dovre, Sel, Nord- og Sør-Fron: **3 dyr**

##### Bestands situasjonen i Norden.

Minimum 2000 individ. Største bestand på 100-150 år.

##### Bestandsmål

Bestandsmål i region 3 er 5 ynglinger pr. år.

##### Bestandssituasjon i Gudbrandsdalen m/Ottadalen.

Fyrst på -90-talet var skadane størst i Gudbrandsdalen/Ottadalen. Dette endra seg siste på -90-talet. I 2003 var det reistrert 3 familiegrupper i Oppland i 2004 – 3,5.

Gaupebestanden har gått attende siste åra, men er i 2005 på frammarsj att.

##### Bærekraftvurdering gaupe.

Det er lite gaupe som oppheld seg i Skjåk over tid. Dei kjem på vandringar inn i Skjåk frå aust etter dalføra og snur når dei kjem vest i bygda og går attende. Enkelte år kan det oppstå akutte gaupeskader frå enkelt dyr som slår til over eit kort tidsrom.

##### Registrerte jegerar.


<b>Gaupejakt. Oversikt over jegerar som har meldt seg.</b>			
År	Utstedte gaupekort i Skjåk Almenning	Påmeldt Skjåk Utmarksråd	Sum
1999	21	39	60
2000	42	49	91
2001	52	51	103
2002	24*)		
2003	13*)		
2004	Ikkje jakt på gaupe i Skjåk		
2005	Ingen jakt på gaupe i Skjåk		
2006	Ingen jakt på gaupe i Skjåk		
2007	Ingen jakt på gaupe i Skjåk		
2008	Ingen jakt på gaupe i Skjåk		
2009	Lisensjegere regi i SA 30		
*)Jakta tok slutt svært tidleg-etter eit par dagar. Såleis så få registrete jegerar.			



**6.4.5.Registrerte rovviltskader frå sau på utmarksbeite (kjelde landbrukskontoret)  
Totalt sautap *ikkje dokumentert som rovvilt tap*. Lokal registrering.**

År	Sleppt totalt	Tap totalt	Tap %
1990	3441	131	3,80
1991	-	-	-
1992	3914	211	5,39
1993	4230	173	4,09
1994	4520	193	4,27
1995	4870	260	5,34
1996	5036	320	6,35
1997	5250	419	7,98
1998	5421	481	9,0
1999	5767	591	10,2
2000	5754	590	10,2
2001	5925	547	9,3
2002	5555	562	10,1
2003	5085	537	10,6
2004	4695	395	8,4
2005	4589	299	6,5
2006	4220	501	12
2007	4 027	383	10
2008	4 080	285	7
2009	4040	200	4,95

Oversikt over totalt sleppte sau og totalt tap 1990-2009



2009 : Tapet går framleis ned, sleppte sau har vore stabil siste åra.



Registrerte rovviltskader 2009- Skjåk. Kjelde:SNO											
Alle		Jerv		Gaupe		Bjørn		Kongeørn		Rev	
Undersøkte tilfelle	Ukjent Dødsårsak	D/T	U	D/ T	U	D/T	U	D/T	U	D/T	U
14	4	2		2						1	
D=Dokumentert	T=Truleg (Antatt)		U=Usikker								

## Bærekraft rovvilt

*Det er jerven som utgjer den største rovvilttrusselen i Skjåk. Men store uttak i 2009 har ført til lite skader i 2009. Bestanden er i 2009 liten etter drastisk reduksjon. Gaupebestenden er også liten.*

## 6.5.Fugl

### 6.5.0.Faunakriminalitet

Våren 2004 hadde naturoppsynet fleire turar for å kontrollere hekkebiotopar der det kan vere fare for reirplyndring. Samarbeid med SNO.

#### 6.5.1.Rovfugl

Det har kome meldingar frå beitehald om at dei meiner ørnebestanden har auka. Bra med ørn i heile Ottadalen.

#### 6.5.2.Anna fugl

##### *Oppblomstring av hakkespett.*

Hakkespettbestanden held seg stor og det er gjeve eit fellingsløyve i året. Spettane gjer stor skade. Det er gjeve fellingsløyve på 4 flaggspettar eller grønspettar i året.

##### **Orrfugl.**

Spredte lokale bestandar på solsida av hovuddalføret.

##### *Tiltak.*

Skjåk vilt- og fiskeutval har i vedtak, sak 008/01, bede Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd om å frede storfugl og orrfugl i 5 år. Dette er etterkome.

#### 6.5.2.1.Rupe.

##### **Bestandsstatus:**

##### **Rupeprosjekt**

Skjåk Kommune er med i eit prosjekt for å registrere rupebestanden. Dette skjer i regi, lokalt, av medlemmar av Skjåk jeger- og fiskarlag som har hund. Desse sender data til Høgskulen i Hedmark V/ Håkon Solvang og Hans Chr. Pedersen. Skjåk vart med i prosjektet frå 2008. Trenden for 2 år er nedslåande med nedgåande antal rupe pr. kvadratkilometer, noko som er trenden i heile landet.



**Snarefangst**

Snarefangst ruper: Det vart registrert **6 fangstmenn** i januar/februar 2009.

**Ressursnyttinga – resultat for rupjakta.**

År	2000	2001	2002	2003	2004
Felt av utanbygds	350	700	981	1500	1350

	2001	2002	2003	2004
Ruper pr. dag	0,84	1,0	1,16	1,08
Ruper pr. jeger	2,3	2,7	3,3	3,27

Selde småviltkort.												
Type kort	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Innanbygds totalt	145	114	104	88	146	145	157	116	105	123	92	89
Utanbygds med hund	53	214*)	61	53	78	67	67	84	108	86	64	53
Utanbygds utan hund	266		202	265	288	387	387	257	339	203	154	132

\*) Tot. med og utan hund

**Økonomisk utbytte av småviltjakta**

*Utbytte av selde småviltkort i 2007 hadde ein brutto verdi på kr. 84.800,-  
 Utbytte av selde småviltkort i 2008 hadde ein brutto verdi på kr. 69.000,-  
 Utbytte av selde småviltkort i 2009 hadde ein brutto verdi på kr. 61.800,-*

**6.6. Anna vilt**

**Oter**

Fleire observasjonar av oter. Både i Ostradalen, Billingsdalen, Lundadalen og Mårådalen. Vi kan vel no seie at Oteren er tilbake i Skjåk og at det har etablert seg ei eigen lokal stamme att.

**Oter (latin: Lutra lutra)**

Mårfamilien. Totalfreda frå 1982, p.g.a. sterk beskatning p.g.a. verdifull pels.

Ansvarsart-status: Sårbar.

Oterens diett består i hovudsak av fisk, men og krepsdyr, amfibier, fuglar, smågnagarar og haretyr

**Mår.**

Stabil fangstbar stamme.


Dårleg fangst i jaktåret 2009/10 på grunn av lite snø og mykje gnagere som er lette år ta.



**Rev.**

**Innføring av skotpremie i 2003- vidareført i 2004.**

Etter samråding med fleire organ i Skjåk oppretta det kommunale vilt- og fiskeutvalet ei ordning med skotpremie på rev frå 2003. Premien er sett til kr. 300,- pr. dyr og dekning av premieutgiftene blir dekt likt frå: Skjåk Almending, Skjåk Jeger- og fiskarlag, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og sankelag.



Felt rev i Skjåk							
År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
<b>Totalt</b>	<b>63</b>	<b>70</b>	<b>60</b>	<b>57</b>	<b>54</b>	<b>90</b>	<b>46</b>

**Bærekraft**

Bestanden har vakse etter mange år med skabb. Det vart derfor beslutta å innføre skotpremie frå og med 2003. Dette vart gjort samtidig med at rådyrstammen var sterkt redusert. I tillegg kan ein håpe at raudreven blir ein mindre konkurrent til fjellreven Livskraftig raudrevstamme som tåler reduksjon ved jakt.

**2009:** Det blir framleis observert mange revar med skabb.

**Fjellrev.**

**2003.**

Melding om observasjon av ein fjellrev ved Kolbeinsvatnet i juni månad.

Melding om observasjon av ein fjellrev 21.august i Tundradalen mellom Haukberg og Grønstorr.

**2004.**

Melding om fleire observasjonar ved Billingen haust-nov/des 04.

**Bærekraft**

*Vi har ingen stamme av fjellrev, men enkeltdyr. Om desse formeirer seg i Skjåk er tvilsomt, men så har vi heller ikkje overvaking av eldre hilokalitetar. Utsett fjellrev frå avl vil mogleg føre til framtidig yngling i våre stork att.*

**Mink.**

**2009:** Skjåk Almenning betalde ut skotpremie for 5 mink i året.

**Bærekraft**

*Minken er framad art vi ikkje ynskjer å ha i Skjåk. Derfor har Skjåk Almenning innført skotpremie.*

**Røyskatt**

Generelt gode vilkår for smågnagarar gjer at ein må rekne med mykje røyskatt.

**Oter**

**2009:** Det har vore observert oter fleire stader siste åra. I Mårådalen og ved Pollfoss bl.a.

**6.7. Ulovleg jakt****2009**

Ikkje avdekt ulovleg jakt i året, men det vart funne restar etter hjortslakt med kjevar i søpla på ein rasteplass av vegvesen-personell vest for Pollfoss, seinhaustes 2009. Dette er mistenkeleg, men ingen spor utover dette som tyder på ulovleg jakt.

**Bærekraftvurdering: VILT/ZOOLOGI**

Dei fleste viltartane har vore i sterk vekst siste åra. Dette gjeld ikkje minst rovdyr og hjortevilt.

Vi kan liste opp følgjande endringar:

- fjellreven er blir meir og meir sjeldan, samtidig så aukar raudrevbestanden og det blir observert enkeltindivid av rømt opprettsrev
- det er langt mellom dei gode smågnageråra. Kanskje eit godt år i 2010?
- reintroduksjon av artar bjørn, bever, ulv og oter
- jervstamma er desimert slik at 2009 vart eit nesten skadefritt år for husdymæringa
- gaupe, bjørn og ulv ubetydeleg verknad
- kongeørn gjer ein del skade. Har gode vilkår om vinteren observert på jervåtene rundt i kommunen
- hjortestamma er redusert. Jaktlag klarte ikkje fyller kvotene. Fellingsprosent på 68%. Dette har vore bevisst forvaltning.
- elgstamma er stabil. 100 % felling
- rådyrstamma har auka siste åra og er nå på eit akseptabelt nivå
- rupebestanden er liten, og minkande Rupeprosjektet følger utviklinga
- beveren er på innvandring observert etter hovedvassdraget



## 7. FISK

### 7.1. Generelt

#### **Fisk som mat – generelle kosthaldsråd for ferskvassfisk i Norge**

Følgjande råd gjeld for heile Norge på grunn av kvikksølvforureining:

- gravide og ammande bør ikkje eta gjedde og abbor over 25 cm, aure over ein kilo eller røye over ein kilo
- andre personar bør ikkje eta desse fiskeslaga i denne storleiken meir enn ein gong i månaden i gjennomsnitt

#### **Generell tilstand**

*Det er registret alt for mykje småfisk i ei rekkje vatn.* Fyrst på garn med maskevidde under 22 mm ser ein kva slags mengder dette dreier seg om. Med dei maskeviddene som har vore påbudt på ei rekkje vatn vil ein aldri fange noko av denne fisken og fiskarane trur ofte at det er lite fisk eller at vatna er tome. Det vart i år gjort drastiske endringar i fiskereglane i Skjåk Almenning.

#### **Utfisking**

Etter at Skjåk Almenning investerte i meir småbanda garn har det vore dreve utfisking i ei rekke vatn: *Allmenningen har garn i 16mm og 19,5 m.m. til gratis utlån for dei som vil drive utfisking.*

### 7.2. Stamfiske

Det er ikkje gjennomført stamfiske i Skjåk inneverande år. Settefisken kjem frå Lemonsjøen.



### 7.3. Settefisk – utsetting av fisk

Her er det heimla vedtak både i forhold til lov om laksefisk og innlandsfisk med henvisning til retningline dagsett 090298 og brev dagsett 310800 frå DN. I tillegg i verneforskriftene for Reinheimen (naturvernloven). Utsetting av fisk skjer med bagrunn i brev /vedtak frå fylkesmannen, sist i brev dagsett 14.05.2003, og gjeld inntil vidare.

Settefisk, aure, blir er henta frå settefiskanlegget til A/S Vågåfisk i Randsverk, Vågå. Det er sett fisk på 30 større eller mindre vatn. Skjåk Almenning står for dette.

UTSETT FISK I SKJÅK 2009			
ANTAL	STORLEIK	KVAR	LEVERT AV
150	2 årig	Åflåtjønn	Vågå fisk A/S
150	2 årig	Einingstjønn	Vågå fisk A/S
150	2 årig	Krokåtetjønn	Vågå fisk A/S
150	2 årig	Mysubyttvatn	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Øyberget vestre	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Blåbergstjønn	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Stamåhjulet 1590	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Skarvedalen 1461	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Skarvedalen 1486	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Dørvatnet 1502	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Dørtjønn mitre 1451	Vågå fisk A/S
100	2 årig	Mårådalstjønn 1085	Vågå fisk A/S
150	2 årig	Bobergstjønn 1446	Vågå fisk A/S
600	2 årig	Torsvatnet	Vågå fisk A/S
800	2 årig	Leirungsvatn	Vågå fisk A/S
2400	1 årig	Aursjoen	Vågå fisk A/S
<b>5350</b>	<b>FORDELT PÅ 16 INNSJØAR</b>		

### 7.4. Prøvefiske i året

#### Kondisjonsfaktor hjå fisk

Under prøvefiske blir fiskens lengd og vekt mål + meir sporadisk prøve av mageinnhold. Lengd og vekt dannar grunnlaget for utrekning av kondisjonsfaktor etter ein formel:

$$\text{vekt(gram)} \times 100 / \text{lengd(cm)} \times \text{lengd(cm)} \times \text{lengd(cm)}$$

**Kondisjonsfaktoren** seier om fisken er: 0,8 = mager - 1 = normal - 1,2 = feit



**2009**

Det er gjennomført prøvefiske på flere vatn i året i samband med oppstart av fiskeprosjektet.

<b>GROTLIVATNET, prøvefiske, 05.09. 2009</b>		
<b>Antal garn</b>	<b>Maskevidde, mm</b>	<b>Fanga fisk,stk</b>
3	16	33
3	19	29
3	22	19
3	26	7
3	29	6
3	35	2
<b>Sum fanga, stk</b>		<b>96</b>

<b>HEIMDALSVATNET, prøvefiske 29.07.2009</b>		
<b>Antal garn</b>	<b>Maskevidde, mm</b>	<b>Fanga fisk,stk</b>
3	16	18
3	19	34
3	22	26
3	26	8
3	29	5
3	35	5
3	39	2
<b>Sum fanga, stk</b>		<b>98</b>

<b>NYSETERVATNET, prøvefiske 28.07.2009</b>		
<b>Antal garn</b>	<b>Maskevidde, mm</b>	<b>Fanga fisk,stk</b>
3	16	22
3	19	9
3	22	9
3	26	4
3	29	2
3	35	3
3	39	5
<b>Sum fanga, stk</b>		<b>54</b>



<b>POLLVATNET, prøvfiske 23.07.2009, sist prøvfiska 28.08.03</b>		
<b>Antal garn</b>	<b>Maskevidde, mm</b>	<b>Fanga fisk,stk</b>
2	16	45
2	19	9
2	22	19
2	26	3
2	29	3
2	35	1
2	39	1
<b>Sum fanga, stk</b>		<b>81</b>

<b>HEGGEBOTTVATNET, prøvfiske 23.07.2009, sist prøvfiska 29.08.03</b>		
<b>Antal garn</b>	<b>Maskevidde, mm</b>	<b>Fanga fisk,stk</b>
2	16	19
2	19	14
2	22	15
2	26	1
2	29	5
2	35	5
2	39	1
<b>Sum fanga, stk</b>		<b>55</b>

<b>LUNDADALSVATNET, 17.08.2009</b>						
<b>Lengdeklasse</b>	<b>Antal</b>	<b>Antal merka</b>	<b>Gjsn.lengd</b>	<b>Gjsn.vekt</b>	<b>Gjsn. alder</b>	<b>Gjsn.K-faktor</b>
191-220	6	2	208	79	4	0,87
221-250	6	2	240	129	4,3	0,92
251-280	12	9	267	173	4,5	0,91
281-310	5	2	256	256	5,0	0,97

- Fisken var for det meste kvit i kjøtet, berre mellom 281- 340 mm var nokre få ljøs raude
- Mest fisk vart teke på 26 mm

**Konklusjon:** Prøvefiskemateriale skal bearbeidast av Fylkesmannen i 2010.

Det vart og prøvd med elektrisk fiske, men grunna stor vassføring var dette misslykka. Det vart gjort ein observasjon som var urovekkande: *Ein ser med bekymring på at det vart registrert Gåløye i Vuluvassdraget under dei fiskebiologiske undersøkingane i 2009.*




## 7.5.Fiskekort for heile Skjåk

Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd(private grunneigarar i Skjåk) har i avtale dagsett 30.01.2001, inngått samarbeid om felles fiskekortordning. Skjåk Almenning står for den praktiske tilrettelegginga. Økonomisk har Skjåk Almenning rett på alle inntekter opp til eit tak på kr. 50.000,-. Overstigande beløp blir delt med 70% på Skjåk Almenning og 30% på Skjåk Utmarksråd.

### 7.5.1. Selde fiskekort

Type kort	1999	1998	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Fiskekort innanbygds	647	328	572	575	811	754	857	777	655	649	637	381
Fiskekort utanbygds	685	636	707	625	843	746	658	666	691	643	836	796



### 7.5.2. Inntekter av fiskekort

Fiskekortsalget	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Innanbygds kort					46.550	43.600	43.050
Utanbygds kort					130.635	141.490	111.580
<b>Utbyte av selde fiskekort</b>	<b>99.000</b>	<b>129.000</b>	<b>87.024</b>	<b>140.530</b>	<b>177.185</b>	<b>173.256</b>	<b>154.630</b>

### Bærekraftvurdering: FISK.

Framleis alt for mykje fisk i ei rekkje vatn. Det blir fiska for lite dei fleste stader. Beste fiskevatna er dei som blir skjøtta av enkeltpersonar som både set fisken og tek han opp att og så lies held kontroll over bestanden gjennom fleire år.

### 2009

Skjåk Almenning har gjennom Skjåkprosjektet starta utvikling av fiske i allmenninga. Dette skjer i regi av eit prosjekt der fylkesmannen, NINA, fylkeskommunen er samarbeidspartnarar. Prosjektet skal gå over 3 år (2010-2012) og legg vekt på å nytte betre ressursen og betre tilbodet for dei som fiskar.



## 8.KULTURMINNE

### 8.1.Status for truga kulturminne

**Elggrav** i Tundradalen. Ligg i kanten på grustak.  
Grustak avslutta. Ikkje akutt fare for øydelegging.

**Elggrav** i Lundadalen. Ligg i kanten på veg  
Halvt fylt av vegmasse. Ingen akutt fare for vidare øydelegging.

**2000.** Antydning til inngrep i **3 graver** på Tundramoen. Det er løfta på noke steinar og laga eit par gravespor i kanten på ei grav. Saka er teke opp med fylkesarkeolog Finstad.

**2001.**Ei **reinsgrav** på Gjelåflatan i Tundradalen er rasert. Kan vere brukt til kjøttgrav i samband med reinsjakta av uvettige folk.

**2001.**Ved ei **elggrav** i Nordberg er det fylt kvist og anna avfall inn i fredningssona til grava. Tilfelle vart meldt ved innringar til Fjuken som laga reportasje .

**2002-03. Elggrav** nord for Bismo er delvis attfylt med trevirke, jord og stein i samband med utskifting av 20kV line. 2003:Bygd veg for linearbeid innanfor 5 metersone for framkomst til 132 kV stolpefeste.

#### **Anna.**

#### **Status for automatisk freda kulturminne.**

Skjåk kommune vart i 2002 teke ut saman med Saltdal og Eidskog for å sjå på status for kulturminne som var registrert i samband med utarbeidinga av økonomisk kartverk i 1982-83. Registreringa er gjennomført av NIKU etter oppdrag frå Riksantikvaren.

#### **Konklusjon:**

I 1983 var 22 kulturminne registrert skada. I 2002 var ytterlegare 19 skada, 3 fornminne var tapt, alle fjerna på ulovleg vis. Grunnen til dette var grustak og hyttebygging. Dei kulturminna som er mest utsett ligg sentralt i bygda sør og nord for Bismo.

### 8.2.Nyregistrerte kulturminne i året

Det er registrert fleire kulturminne i året. Fortløpande registrering blir utført og blir lagt inn og digitalisert i kommunens GIS-base. På grunn av lang varmepriode seinhaustes gjekk breane sterkt tilbake. Det blir funne restar etter fangstanlegg, også tre restar år om anna innunder breane fleire stader.

#### **Nye funn**

#### **Gjenstandsfunn**

**2009:** Gjenstandar som blir funne i brea blir ofte tekne med av turgårar om dei finn dei. Kulturminnemyndet presiserer at desse skal ligge og fylkeskonservatoren skal kontaktast om funnet slik at dei som rette myndet tek hand om det.



### 8.3.Vedlikehald av vassvegar

Fleire vassvegar har vore reinska med gravemaskin siste åra.

\* I Lendfjellet frå Lenda og framom Skriduhaugan

\* Vassvegen frå Flåtåtjønn og fram på bikken mot hovuddalføret

\* Problem med det nye vassmagasinet i Knubbetjønn. Dammen er utett

## 9. BYGGING

### 9.1.Generelt

Kommuneplanen er revidert og gjeld for perioden 2006-2016.

### 9.2.Hyttebygging

Oversikt over hyttefelt i Skjåk - status 2009			
Felt	Etablert ca.år	Antal hytter	Merknad
Eldhusgrend	1955-1970	66	Gamalt felt
Liavtn	1955-2004	111	132 regulert inn. 21 ikkje bebygdt
Aursjoen nord	1900-1970	22	Gamalt felt
Breidablikk	1988	79	9 på allmeningsgrunn + 76 regulert på kommunal grunn. 6 ikkje bebygdt.
Grotli hyttefelt	1990	174	2 ikkje bebygdt, men regulert
Pollodden	1945-1965	9	9 bebygdt i gamle felt.14 regulert i nytt felt. Ikkje opparbeidt.
Aurmoen	2000	4	17 regulerte tomter. 13 ledige byggeklare tomter
Grotli fritidsbol.	2008	3	Regulert for 75 hytter-72 ikkje bebygdt
Heggebotllia	2009	2	Regulert inn 13, 11 ikkje bebygdt
Billigen	2009	0	Regulert inn 70 hytter ,men ikkje opparbeidt i 2009

Mindre ”konsentrasjonar” av hytter (5 stk. eller meir)			
Felt	Etablert ca.år	Antal hytter	Merknad
Heimdalen	1955-1970	11	Gamalt felt
Lortjønn	1890-1990	5	Fiske/beitebuer
Lundadalsvatn	1920-1995	8+5 naust	Fiske/beitebuer
Nyseter(stulen)	1900-1970	16	Gamalt spreidt felt
Legervatn(Breidalen)	1930-1970	6	Gamalt spreidt felt
Billigen(seterstulen)	1955-1965	9	Spreidde hytter i rundt stulen

#### 9.2.1.Grotli hyttefelt.

Det blir stilt spørsmål ved om hyttefeltet held på å bli eit miljøproblem ved at fleire hytter har lagt ”vatn både inn og ut.”

Rapport utarbeidt av miljø- og næringssejfen sumaren 2002 ut ifrå stikkprøvekontroll.

#### 9.2.2.Breidablikk hyttefelt.

Hyttefeltet er plaga av vegproblematikken. I 2002 har ein leigekøyrar fått løyve for drive frakttene i området på barmark. Dette for å få bukt med privatkøyringa.

I samarbeid mellom hytteforeninga og Skjåk Energi blir linenettet i feltet lagt ned i grunnen. Dette betyr mykje for landskapet.



### **9.2.3.Liavatn hyttefelt**

Feltet er ferdigregulert i 2003. Det er foretting av eksisterande felt og utviding. Planlagt 35 nye hyttetomter + 2 tidlegare bortfesta ikkje bygde i feltet. Totalt 37 tomter.

### **9.2.4. Grotli fritidboligområde**

Feltet vart regulert etter ein grundig prosess i kommuneplanprosessen, med utarbeiding av eigen plan for villreinen. Det er planlagt 75 nye fritidsboligtomter.

### **9.2.5. Nyseter – Billingen hyttefelt**

Felt austover frå Fjellro mot Billingen er under planlegging i 2007. Det er sett grense på 70 tomter i kommuneplanen.

### **9.2.6. Heggebottlia hyttefelt**

Felt regulert 2009. Regulert for 13 hytter.

### **9.2.7.Billingen Hyttegrend**

Felt regulert 2009. Regulert for 70 hytter.

### **9.2.8. Dønfoss**

Felt regulert 2009. Regulert inn 25 hytter.

## **9.3.Bustadbygging**

### **9.3.1.Skei bustadområde**

Området nord for Bismo mot Skamsar er regulert.

#### **2009**

Delområdet er ferdig tilrettelagt. Av 9 byggeklare tomter er det bygd på 5 av dei. 31 tomter er ikkje opparbeidt.

### **9.3.2.Dønfoss**

Reguleringsplan for Dønfoss er under arbeid. Det er planlagt 9 tomter i området og omfattane regulering/forbetring av trafikktilhøva. Planen vart godkjent i desember 2009

### **9.3.2.Ledige bustadtomter i regulerte bustadområde 2009**

- 4 tomter i Bismo + 31 tomter regulert, men ikkje opparbeidt. I gjeldane kommuneplan er det i tillegg avsett område som kan gje plass til 70-80 nye tomter.
- 15 tomter i Aurmo, i tillegg 14 som ikkje er opparbeidt.
- 7 tomter i Uppnose, i tillegg 9 tomter som ikkje er opparbeidt.

## **9.4.Ulovleg bygging**

Det er ikkje registrert ulovleg bygging i året, men kommunen har under overvaking ein del spekulative bygg og innretningar.



## 10. MOTORFERDSEL

### 10.1. Generelt

Det er registrert lite motorferdselsaktivitet i utmark i Skjåk, som tidlegare år. Kontroversiell aktivitet er knytt til enkeltpersonar som utnyttar generelle løyve med bakgrunn i lovverket, t.d. i samband med ettersyn av landbrukseigedom (seterhus), frakt av utstyr og driftsmiddel knytt til jordbruk og under bygging av hytter etter byggjeløyve.

### 10.2. Leigekøyringsordninga

Skjåk kommune har etablert **leigekøyringsordning** i tråd med lov og forskrift om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag. D.v.s. at nokre personar har fått løyve etter forskrifta til å drive leigekøyning for andre mot betaling. Gjeldande ordning vart vedteke i miljø- og næringsutvalget i 2004 og gjeld frå 2004 – 2007.

<b>Leigekøyrarar 01.01.2010-31.12.2012</b>	
<b>Namn</b>	<b>Område</b>
Rolv Kjeka	Heile Skjåk
Are Bergheim	Heile Skjåk
Tor Bruland SH	Heile Skjåk
Marius Åboen SU	Heile Skjåk
Gudbrand Lundemo	Heile Skjåk
Marvin Banken SRHK	Heile Skjåk
Leif Bruland SH	Heile Skjåk
Geir Bruland SH	Grotli og Breidablikk hyttefelt i påska

#### **Rapporteringsplikt frå leigekøyrarar 2003/04**

Leigekøyrarane har rapporteringsplikt etter vintersesongen. Dette vart innskjerpa av MN-utvalget frå sesongen 2003/04 og 2006/07

Alle rapporterte tilbake etter vintersesongen 2003/04 og kopi av køyrebok vart sendt kommunen. Desse viser at det er stor skilnad i antal oppdrag mellom leigekøyrarane. Dei langt fleste oppdraga skjer i tilknytning til køyning til hytter og hyttefelta, mest i Grotli- og Breidablikk hyttefelt.


**Konklusjon:** Leigekøyrarane gjer ein bra jobb. Det hadde vore ynskjeleg at dei hadde vore brukt meir av andre som har behov for transport, slike som kan køyre med direkte heimel i lov og forskrift.



**Rapportering frå leigekøyrarar 2008/09**

Ut ifrå rapportane er det utarbeidd ei oversikt over køyringa.

Konklusjonen er at dagens leigekøyringsordning dekkjer dagens behov godt. Storparten av turane er transport av bagasje til hytter i regulerte felt og organisert oppkøyring av løyper.



	Bag- asje	Bygg	Løype stikk	Fiske kasse	Båt	Land- bruk	Øving	Måking	Politi	Redn	Ski	Myld	Ved	Tom	Media
Rolv Kjeka															
Gudbrand Lundemo	3														
Are Bergheim	3		1							1					1
Marvin Banken	5	1	5		4		5								
Marius Åboen	14	1	5		5	1		1					6	1	
Geir Bruland	66										4				
Leif Bruland	71				1						1				
Tor Bruland	327	10	1		3					2	46				
	<b>486</b>	<b>12</b>	<b>12</b>		<b>13</b>	<b>1</b>	<b>5</b>	<b>1</b>		<b>3</b>	<b>51</b>		<b>6</b>	<b>1</b>	<b>1</b>
															<b>SUM</b>
															<b>592</b>

**10.3. Anna køyring**

**2009**

Andre søknader køyring i utmark – motorferdselloverket:

<b>Motordferdselsaker 2009.</b>		
<b>Lov om motorisert ferdsl i utmark og vassdrag</b>		
§	Antal	Type
6	1	Transport av proviant og uttransport av søppel-ÅST Vetldalshytta (helikopter)
<b>Nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrerøyt i utmark og på islagte vassdrag</b>		
§	Antal	Type
4a	1	Melding om øvingsplan Skjåk røde kors hjelpekorps
5a	1	Inspeksjon og reparasjon av hytte-(snekker)
5a	1	Oppnemning av leigekøyrarar for ny 3 årsperiode
5e	1	Køyring av ved frå andre sin skog
6	2	1. Båttransport, 2. Brøyting av isbane for hest



## 10.4. Ulovleg motorferdsel

### 10.3.1. Barmark

Lite køyring generelt. Køyring i samband med uttak av ved og uttak av storvilt. Ikkje avdekt noko ulovleg.

### 10.3.2. Vinterføre

Ein kan spørje seg om all lovleg køyring er nødvendig køyring. Kan den rasjonaliserast med meir felles køyring?

#### Anna

Behov for å få definert kva som er vegar der motorferdsel er tillate.

## 11. FRILUFTSLIV

### 11.1. Generelt

#### 11.1.1. Stigar

**Stigmerkingsprosjektet frå 2001** er vidareført og ein har supplert eindel av merkinga. I tillegg er det inngått samarbeid mellom kommunen allmenningen og DNT om å få opparbeidd to parkeringsplassar for turgåarar, på Sota og Mysubytta. Desse vart opparbeidd i oktober 2002. og skilt oppsett 2003.

**2004:** Behov for supplering av skilt. I året er det sett opp skilt opp frå Bismo mot Skeidsholet og etter Gammel-Hans vegen.

**2009:** Nytt stigmerkingsprosjekt i året med merking av løyper. Det er brukt skilt etter mal frå nasjonalparkriket. Det er søkt om spelemidler til finansiering. Prosjekt i regi av Skjåkprosjektet. Merka 132 km fordelt på 35 stigar. Arbeidet er utført av Skjåk IL v/Håndballgruppa og Skjåk Almenning.

#### 11.1.2. Bruer/klopper

Fleire aktørar vurderer å få opp hengebru ved Grønstorri i Tundradalen. Den tidlegare brua reiste isen med. Brua må byggast høgare opp i terrenget.

**2004:** Tilordna streng med tralle – forbeta 2007

### 11.2. Kvisting.

#### Den norske turistforening

Kvista løype:

Grotli-Danskehytta-Skrådalen-Grønvatn-Vetldalen og over Kariløyfte og ned til Puttbue.

I Breheimen:

Sota – Nørstedalsseter

Trulsbu – Fortundalsbreen – på løypa Sota – Nørstedalsseter

Trulsbu - Nørstedalsseter

I Reinheimen:

Billingen via Torsbu og inn på den kvista løypa til i Kariløyften

Torsbu-Vetldalen-Tverråhytta



## 11.3. Hytter.

### 11.3.1. Turistforeiningshytter

- Sota (betjent)
- Trulsbu (sjølbetjent)
- Slæom (sjølbetjent)
- Skridulaupbu (sjølbetjent)
- Torsbu (sjølbetjent)
- Vetldalshytta (hyttevakt)

## 12. FLOM OG FORBYGGING

### 12.1. Generelt

Problematikken rundt kanalen ved Ånstad/Marlo er enda ikkje løyst. Det er frå NVE vore sett på bl.a. at eine brukaret på brua blir undergrave og at noko må gjerast. (Ref.Hamarsland, NVE region Øst.). Dessutan bør det leggjast eit røyr som fører vatn inn i bakevja på solsida nedstrøms Marlo bru att.

### 12.2. Flomskader i året

**2009:** Erosjon i nedre del av Skjøli.

### Erstatning/Kostnader

Kostnader ved ulykka vart dekt av Naturskadefondet og Skjåk kommune.

### 12.3. Gjennomført forbygging

**2009:** Ingen

## 13. VEGAR.

### 13.1. Generelt.

Vegar i hyttefelt er eit problem som bør takast opp til vurdering.

I Grotli hyttefelt bør reguleringsplanen reviderast for å få med eindele vegar som er opparbeidde og tener viktige formål, medan delar av feltet som ikkje skal byggjast ut p.g.a. villreintrekk bør ut av planen.

### 13.2. Nye vegar

#### 13.2.1. Generelt.

*Oversiktplan/vegplan for skogbruket*

Herredskogmesteren har under slutføring ein transportplan for skogbruket i Skjåk der behovet for framtidige vegprosjekt er vurdert og teikna inn.

*Oversikta er bygd på herredskogmesteren sine sluttrapportar for skogsvegar.*

#### 13.2.2. Vegar – kraftutbygging

**2009:** Ingen registrert



### 13.3.Ulovleg bygde vegar

(Lokalisering):

(Kart ref./GPS)

2009: Ingen registrert.

### 13.4.Bomvegar

#### 13.4.1. Bomvegar med gebyr.

Bomvegar i Skjåk -status 2005				
Namn	Strekning	Gebyr pr. tur-personbil	Årskort - personbil	Lengd km
Sotvegen	Nepholet-Sota	50,-	300,-	12,6
Mysubyttvegen	Sota –Mysubytta	20,-	300,-	7
Lundadalsvegen	Halvorgjerdet - Heimre Lundadalseter	20,-	100,-	5
Tundradalsvegen	Eiedet-Tundradalsseter, frå 2003	40,-	300,-	10

#### 13.4.2. Bomvegar statistikk

2009: Tal for betaling av bompengar i kommunen er oppdatert så langt vi har fått inn tal.

Bomveg Sota – Mysubytta veglag (setereigarane)							
År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Antal passeringar	822	960	605	612	530	581	533

Bomveg Tuva – Sota veglag (Kommunen, DNT, Lidar Hytteforeining, Skjåk Almanning) frå 2003							
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Type	Antall						
Dagskort	1880	2511	2536	2362	1904		2103
Vekekort	-	-	-	-	45		28
Månadskort	-	-	-	-	4		-
Årskort	114	112	126	115	122		168
<b>Sum</b>	<b>1994</b>	<b>2623</b>	<b>2662</b>	<b>2472</b>	<b>2075</b>	<b>2122</b>	<b>2299</b>

Veg: Lund – Heimaste Lundadalseter	
1.	Veglag frå Fylkesvegen til Halvorgjerdet (privat veglag)
	Bomveg Halvorgjerdet - Lundadalsetra
2.	Frå Halvorgjerdet til Svaåa (privat veglag)
3.	Svaåa – Heimaste setra (privat veglag)
Gjennomsnitt på årsbasis 2003-2010	
	Årskort ca. 15-20 stk. – Dagskort ca.250 - 350stk

Bomveg Eiede(Rv15) – Tundradalsseter/Skjellom (privat veglag)								
		2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
MOPED	enkel tur	6	4	13	4	4	9	2
BIL/TRAKTOR	enkel tur	405	390	443	416	373	382	448
BIL/TRAKTOR	uke	13	6	5	5	6	3	3
BIL/TRAKTOR	mnd	3				2	0	1
BIL/TRAKTOR	år	11	11	15	8	11	11	11
<b>Kjøpte billetter</b>	<b>TOTALT</b>	<b>438</b>	<b>411</b>	<b>476</b>	<b>433</b>	<b>396</b>	<b>405</b>	<b>465</b>



**Tundradalsvegen/Skjellom. Kommentarer (som til dels også gjeld andre bomvegar):**

- \* Antall turer er vanskelig å beregne på grunn av uke-måned-års kort.
- \* Vi vet også at det er mange som ikke løser billett. Vi tror mørketall kan ligge på 100-150 biler +/- per år.
- \* Vinterstid løses det ikke billett selv om det kjøres til bru ved Heggerust, og ellers så langt det er mulig.
- \* Mye trafikk mot Skjellom vinterstid hvor det heller ikke løses billett,

parkerer ved Kvittingen, eller lengre opp ved mindre snø.

\* I tillegg kommer privat kjøring, besøk til fastboende og næringskjøring til bruk og setre, registreres ikke.

## 14.CAMPING/TELTING/SPEKULATIVE BYGG

Skjåk Almenning har også i året teke opp til drøfting og gjort vedtak i spørsmålet rundt overnatting. Sjå punkt 5.7. Forureining frå bubilar.

## 15.RAS/SKRIU

### 15.1.Generelt

Det er nesten ikkje eit å utan at det går ras ein eller annan stad i Skjåk som fører til skade på eigedom av eit eller anna slaget.

**2009:** Ingen registrerte.

### 15.3.Generelt om ras

Ingen registrert.

## 16.VÆRAVHENGIGE FORHOLD I ÅRET.

### 16.1.Generelt

Med den plassering som Skjåk kommune har geografisk har verforholda gjennom året mykje å seie for naturtilstanden. Sterk nedbør kan føre til ras og flom. Turke kan føre til at vegetasjon blir forringa og sterkt vind fører til store vindfallskader og skader på bygningar enkelte år.

### 16.2.Nedbørsrelaterte

*Nedbørsnormalar 1961-1990*


Periode År	H.o.h meter	St.nr. namn	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	År
1939-	372	Øygard	20	12	11	5	15	28	43	35	30	32	23	24	278
1950-87	378	Gjeilo	24	13	14	8	16	28	44	34	30	32	25	27	295
1966-	1140	Vikhø	33	21	24	12	16	27	46	36	36	38	34	37	360
1895-	432	Austin	25	15	15	7	16	30	44	35	34	36	29	31	317
1950-	712	Bråtå	62	37	43	15	21	33	43	45	55	62	61	71	548
1940-79	906	Grotli	69	49	50	27	21	31	45	47	66	71	64	80	620



*Målestasjon Skjåk II – Øygard- Nedbørsstatistikk for 2009 (ref. Rolv Kristen Øygard):*

Type	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Månadsnedbør:	6,5	72,2	17	0,4	24,8	16,8	76,6	49,9	28,3	22,4	9,5	8,8


**ÅRSNEDBØR 2009 SKRINDØYGARD: 333,2mm**



*Målestasjon Bråtå – Kvattsteinslettom Værstatistikk for 2009 (ref. Torgrim Rusten):*

Type	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Månadsnedbør	74,9	31,4	30,0	6,0	29,7	25,3	79,7	68,1	62,1	24,6	49,3	29,3
Største døgnsnedbør	57,1	6,5	5,4	0,8	15,0	5,2	31,6	8,9	22,8	8,1	7,7	7,5
Middel maksimumstemp.	-1,38	-4,02	1,97	9,2	11,8	15,3	18,3	16,36	12,02	2,1	0,29	-6,7
Middel minimumstemp.	-7,94	-9,85	-5,2	0,45	2,9	5,07	9,3	7,6	5,48	-3,1	-4,9	-12,4
Lågaste minimum temp.	-17,2	-17,4	-14,2	-8,4	-1,4	-1,1	6,2	0,7	-0,2	-8,8	-13,3	-24,8
Høgaste maksimumstemp.	6,7	5,5	5,5	15,0	21,2	25,1	26,6	22,4	16,7	5,5	6,7	0,2

**ÅRSNEDBØR 2009 KVATTSTEINSLETTOM: 510,4**





### 16.3.Vind/Snø/temperatur tilhøve, generelt

(Status for vindfallskader/andre skader i året)

- Ingen store naturøydelegingar registrert

### 16.4.Turke

- Ingen ekstraordinær turke

## 17.VIKTIGE ENDRINGAR I AREALDISPONERINGA

### 17.1.Generelt

Dette kapitlet skal fyrst og fremst synleggjere omdisponering av areal, eller anna sterk endring i bruk av areal.

### 17.2.Arealdelen til kommuneplanen 2006-2016

Planen godkjent.

[Rullering 2010.](#)

### 17.3.Oversikt over reguleringsplanar i Skjåk kommune

Område	Godkjent av	Godkjent når	Tiltakshaver	Prosjektør	Hovudformål
Bismo	Miljøverndept.	010774	Skjåk kommune		Tettstad
Bismo industriomr.	Fylkesmannen	060175	Skjåk kommune		Industriområde
Bismo III	Fylkesmannen	050179	Skjåk kommune		Tettstad
Aurmo	Fylkesmannen	240682	Skjåk kommune		Boligfelt
Uppnose	Fylkesmannen	141183	Skjåk kommune		Boligfelt
Tundramoen	Kommunestyret	200386	Skjåk kommune		Revefarm
Breidablikk	Kommunestyret	121187	Skjåk kommune		Hyttfelt
Grotli	Kommunestyret	240388			Hyttfelt
Aamodt	Kommunestyret	251193	Skjåk kommune		Byggefelt
Bismo sentrum	Kommunestyret	090693	Skjåk kommune		Tettstad
Blåbærmyra	Kommunestyret	260396	Skjåk kommune		Byggefelt
Aurmo II	Kommunestyret	211200	Skjåk kommune		Hyttfelt
Linetrase Lom grense –Framruste	Kommunestyret	241001	Opplandskraft DA	Statnett	Reguleringsplan for 132kV line
Pollodden	Kommunestyret	170102	Skjåk kommune	Skjåk kommune	Hyttfelt
Framruste	Kommunestyret	250402	Opplandskraft DA	Plan & prosjekt	Kraftutb.
Heggebottvatn	Kommunestyret	250402	Opplandskraft DA	Plan & prosjekt	Kraftutb.
Øyberget/Dønf.	Kommunestyret	250402	Opplandskraft DA	Plan & prosjekt	Kraftutb.m.m
Framruste	Kommunestyret	Endring-03	Skjåk kommune	Skjåk kommune	Motorsportanl.
Skei	Kommunestyret	240403	Skjåk kommune	VBB teknikk	Boligfelt
Bismo ind.omr. II	Kommunestyret	241104	Skjåk kommune		Tettstad/ind.omr
Framruste	Kommunestyret	Endring-03	Skjåk kommune	Skjåk kommune	Motorsportanl.
Liavatn	Kommunestyret	260603	Skjåk Almenning	VBB teknikk	Hyttfelt
Grotli fritidsbolig-område	Kommunestyret	28.06.07	Skjåk Almenning	Grotli	Hyttfelt
Billingen Hyttegrend	Kommunestyret	05.03.09	Skjåk Almenning	Sweco Grøner	Hyttfelt
Flatmoen grustak	Kommunestyret	30.04.09	Skjåk Almenning	Sweco Grøner	Grustak
Heggebottlia	Kommunestyret	28.05.09	Skjåk Almenning	Hedda hytte, privat	Hyttfelt
Dønfoss	Kommunestyret	15.12.09	Skjåk kommune	Sweco Grøner	Bustadfelt m.m.



## 17.4.Oversikt over ymse vern/bandlegging

### Bakgrunn

Fleire kategoriar av vern har gjort sitt inntog på arealsida siste åra:

1. *Vern (naturmangfaldlova)- landskapsvernområde, nasjonalpark, reservat*
2. *Verneplan av vassdrag/supplering av verneplan for vassdrag*
3. *Vern (Plan- og bygningslova) spesialområde natuvern*
4. *MIS registrering i Skogbruket ("friviljugt" skogvern)BVO*
5. *Vernskogbestemmelsar (vernskogforskrifta)*
6. *Område bandlagt etter kulturminnelova*
7. *Biotopvern heimel i viltlova*
8. *Fylkesdelplanar: Influensområde- ref.VISA-rapporten Restriksjonar på grunn av statlege føringar for t.d. villreinareal*
9. *Registrering av biologisk mangfald.*
10. *Vanndirektivet. Ras og flom.*
11. *Sjølpålagt friviljug vern.*
12. *Motorferdsellovverket.*

### 17.4.1. Reinheimen (nordfjellet)

**Forvaltningsmynde:** Kommunane der verneområdet ligg fordelt på Lesja, Rauma, Norddal, Skjåk, Lom, Vågå

**Opplysningar om Reinheimen :** <http://www.reinheimen.no>  
<http://www.dirnat.no/reinheimen/>

#### Status:

- 1986: NOU 1986 nr.13: Ny landsplan for nasjonalparker blir lagt fram.
- 1990: Kommunane og grunneigarinteressene dannar Kontaktutvalet for Reinheimen.
- 1991: Stortingsmelding nr.62 (1991-1992) Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder
- 1992: Tiltråding frå MD og godkjenning av landsplan for nasjonalparker i statsråd.
- 1992: Kommunane får rikspolitisk retningsline frå MD pålegg til kommunane om at det ikkje blir sett i verk planlegging eller tiltak/naturinngrep som kan redusere/øydeleggje naturverdiar.
- 1993: Innstilling nr 124 til Stortinget (1992-1993) frå kommunal- og miljøvernkomiteen om ny landsplan og større verneområde i Norge
- 1997: Oppstart av verneplanarbeidet. Staten v/fylkesmannen trekker plangrense.
- 2000: Arbeid med å få på plass konsekvensutgreiingsprogrammet. Dette blir godkjent av MD i november 2000. Kommunane har pressa på for å få inn vurdering av kva vernet vil ha å seie for lokal identitet. Det er igangsett ei rekke arbeid med utgreiing av ymse område som er nedfelt i konsekvensutgreiingsprogrammet.
- 2001 Vi fekk endeleg aksept for å få utgreitt tilhøve rundt lokal identitet knytt til verneområdet, saman med ei rekke andre utgreiingar. Utgreiing av dei ymse område for konsekvensutgreiing har pågått gjennom året. Arbeid med å få på plass forslag til verneplanforskrift. Planlegging av opplegg for forvaltningsplan kom ikkje i gang i år.



- 2002 Kommunane synest prosessen går seint og tok initiativ til møte mellom kommunane i Oppland og fylkesmennene på Lesja.  
Interne møte mellom kommunar med store areal.
- 2003 I 2003 gjekk miljøvernministeren ut å påla statleg mynde å setje fortgang i verneplanprosessar som for Reinheimen. Faren no er at vi får ein rask prosess som ikkje tek høgde for alle aspekt i den tunge og kompliserte saka.
- 2004 Saka vart frå fyrst på året lagt under sterkt tidpress frå miljøvernminister Brende. Saka vart lagt ut på høyring etter at kommunane gjennom Kontaktutvalget for Reinheimen hadde bedt om utsetting. Frist for privat og sentral høyring vart til slutt 01.11.04 for private høyringssinstansar og 01.02.05 for kommunane.
- 2005 Kontaktutvalget arbeidde gjennom året aktivt med å styrke alternativet med utgreiing av ein lokal forvaltningsmodell.
- 2006 Trykket frå Kontaktutvalget for å få lokal forvaltning vart oppretthalde. Dei fleste kommunane gjekk for dette i høyringsrunda. DN forma sak og sende over til Miljøverndepartementet før jul 2005. Foreslår at lokal forvaltning skal følge same tidsrame som forsøk i ein del andre verneområde. Dette er ikkje i trå med føresetnadane. Opningsarrangement på Billingen.

***2006: Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 24.november 2006.***

*Arealet utgjer 548 000 dekar av arealet i Skjåk.*

#### **Status**

Kommune fekk delegert forvaltningsansvaret frå 1.oktober 2007

- Arbeid med forvaltningsplanen gjennom året i regi av Kontaktutvalget for Reinheimen
- Kommunane fekk delegert forvaltningsmyndet frå **1.oktober 2007**. Kommunane gjer derfor vedtak etter delegasjon frå Direktoratet for naturforvaltning i saker som vedkjem areal av Reinheimen som ligg i den enkelte kommune.
- Området ikkje avmerka i marka, men merking er sett bort til Jorskifteverket og vil mest truleg bli gjennomført i 2010.
- Forvaltningsplan vart godkjent av DN i desember 2009

#### **2009: I Skjåk:**

- 1.Oppstart av målstyringsprosjekt ved Billingen i regi av DN.
- 2.Dekt sekretærfunksjon for KUR ved vaccance frå april til oktober.
- 3.Avvikla Reinheimenkonferansen på Grotli med tema "Villrein".

#### **17.4.2. Honnsrøve naturreservat (barskogreservat).**

**Forvaltningsmynde:** Fylkesmannen i Oppland

**Opplysningar om Honnsrøve:** <http://fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=41921>

Under stormfellinga hausten 2000 bles mykje skog ned på Åsen. Drifta kom seint i gang grunna at det måtte ligge føre godkjenning for hogst frå fylkesmannen.

- 1.Verneplanforslag vart framlagt våren 2001.
- 2.Lokal høyring vår 2001.
- 3.Sentral høyring hausten 2001.



4. Under fremjing av verneforslag 2002 vart ikkje Honnsrøve teke med. Saman med andre forslag med store areal vart forslaget "lagt på vent" på grunn av at det la for stort beslag på areal inna det totale arealet som låg i rama som vart sett i denne runda (40 km<sup>2</sup>). DN tilrår at dei store områda som ikkje blir verna no, men vurdert ved eit evt. utvida skogvern.
5. **2003-04.** Området ligg "på vent".

***2005: Honnsrøve naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 10. juni 2005.***

***Arealet utgjer 16421 dekar av Skjåk allmenning sine skogområde.***

#### **Status 2007**

- Fylkesmannen i Oppland har forvaltningsansvaret
- SNO har oppsynsansvaret
- Området er ikkje avmerka i marka, 5 år etter vernevedtaket
- Det er ikkje laga forvaltningsplan
- Oppgjer for erstatning med grunneigar er i slutfasen 2007/08

#### **17.4.3. Risheimsøye naturreservat (våtmarksreservat)**

**Forvaltningsmynde:** Fylkesmannen i Oppland

**Opplysningar om Risheimsøye:** <http://fylkesmannen.no/hovedEnkel.aspx?m=41630>

SNO gjekk inn avtale med Skjåk kommune i 2003 om kjøp av naturoppsynsteneste for Risheimsøye. Beløpet tilsvarar kr.6.000,-/år. Arbeidet består i oppsyn og skjøtsel. SNO kjøper nå teneste av naturoppsynet i Skjåk.

***1990: Risheimsøyi naturreservat vart oppretta ved kronprinsregentens resolusjon den 12. oktober 1990.***

***Arealet utgjer 2248 dekar av dette arealet ligg ca. 2/3 i Skjåk. 139 dekar er landareal.***

#### **Status**

Fylkesmannen har forvaltningsansvaret

- SNO har oppsynsansvaret
- Forvaltningsplan eksisterer ikkje
- Vegetasjonskartlegging gjennomført 1998
- Området er avmerka i marka. **SNO har gått over og registrert avvik i merkinga.** Mange grensemerke og merkepåler borte – ref. rapport frå kartlegging gjennomført av SNO 2006. Oppfølging av dette ikkje gjennomført 2007

#### **Behov**

Det er stort behov for å supplere merka rundt grensa i reservatet. Mange merke er borte og grunneigarane veit ikkje lenger kvar grensa går mange stader.

**2009:** Lokalt SNO arrangerte opprydding av søppel, som har kome med elva, i reservatet med hjelp frå lokale organisasjonar. Store mengder vart samla inn og fjerna



#### 17.4.4. Breheimen (sørfjellet)

Opplysningar om Breheimen : <http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=31213>  
<http://www.dirnat.no/breheimen/>

**Forvaltningsmynde:** Fylkesmannen i Oppland (til verneområdestyre er på plass)

Ein må rekne med auka aktivitet frå sentralt vernemynde for å få verna Breheimen. Fylkesmennene har engasjert Vestlandsforskning for å *utgreie reiseliv, gardsturisme, turguiding og friluftsliv knytt til Breheimen/Mørkrisdalen*. Kommunane er bedt om å oversende relevant materiale dei har i tilknytning til dette.

- 2004 2701 FM på sonderingmøte om Breheimen
- 2505 FM nytt møte om oppstart av verneplanprosessen
- 2005 1309 FM orientering og luften oppstart av verneplanprosess for Breheimen
- Sept/Okt Dialog med FM om fastsetting av ytre plangrense
- Arbeid med å skaffe stoff og kome med innspel til rapport om landbruk
- Arbeid med å skaffe oversikt over ymse høyringspartar i saka
- 1710 FM møte/orientering med grunneigarar inna Breheimen og med kommunen
- 0702** FM gjennomfører **oppstartmøte** for Breheimen i Skjåk på Skjåk Turistheim.
- Mange kritiske røyster. Den formelle prosessen er sett i gang
- 2006 Arbeid med fagrapportar for området
- 2007 Etter valet 2007 består referansegruppa av:

#### Referansegruppa i Skjåk - Breheimen

Rolv Kristen Øygard	Ordfører i Skjåk kommune
Bjørn Dalen	Sakshandsamar i Skjåk kommune
Stig Aaboen	Skjåk allmenning
Per Øyvind Ørjasæter	Setereigar Mysubytta
Sylfest Eide	Grunneigar Lundadalen heimraster
Berit Bergheim	Grotli høyfjellshotell
Åse Mette Storbråten	Bruksrettshavar i Skjåk Almanning

- 2008 Der i året utarbeidd delrapportar for utgreiing av bl.a. botanikk bl.a. i Sota/Mysubyttområdet og grusbehov for Mysubyttvegen. Konsekvensutgreiingsprogrammet var ferdig utarbeidd og val av utgreiarar gjennomført. Utgreiingsarbeidet byrja på slutten av året. 13 delområde skal utgreiast.
- 2009 Vernet i slutfasen. Opningsarrangement i Skjåk på Sota med statsministeren og statsrådar, 14. august 2009. Fylkesmannen har foreløpig delegert forvaltningsmyndet

*Opplysningar om Breheimen og framdrifta i verneplanprosessen finn du her:*

***2009: Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde og Mysubytta landskapsvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 7. august 2009.***  
*Arealet utgjer 1793300 dekar av dette arealet ligg ca. 54% i Skjåk.*

Med dette er nasjonalparkplanen til sentralt mynde gjennomført i Skjåk kommune.



**Ca.80 % AV AREALET I SKJÅK ER NÅ VERNA ELLER BANDLAGT.  
ALT DETTE ER PRIVAT GRUNN.**

## 18.VASSDRAG

### 18.1.Aktivitet knytt til vassproduksjon

#### Generelt

*Under dette kapitlet er intensjonen å lage oversikt over kva som har skjedd med alle anlegga knytt til kraftproduksjon i løpet av året, og dei påverknader som desse har på områda rundt*

#### 18.1.2.Kontroll HRV/LRV (Høgaste Regulerte Vasstand/Lågaste Regulerte Vasstand)

#### Reguleringskonsesjonar.

Regulering	Regulant	Reguleringsgrenser		Magasin volum mill.kbm.	Konsesjon År / Utgår år
		HRV(m,o,h)	Reg.h(m)		
H.Vetldalsvatn	Tafj.Kr.	LRV 1156,5			1926/
F.Viavatn	Tafj.Kr.	1000,5	1,5		1938/
Kolbeinsvatn	Tafj.Kr.	1111,4	2,4		1938/
H.Vetldalsvatn	Tafj.Kr.	1170,0	13,5		1942/
Kolbeinsvatn	Tafj.Kr.	1111,4	9,4		1963/
Grønvatnet	Tafj.Kr.	1272,0	17,0		1965-77/
H .Vetldalsvatn	Tafj.Kr.	1175,0	16,2		1965-77/
F.Vetldalsvatn	Tafj Kr.	1190,6	11,2(16,6)		1965-77/
Breidalsvatn	G og L.Br.f.	908,00	13,0	70	1948/1998
Raudalsvatn	G og L.Br.f.	912,80	30,3	166	1948/1998
Aursjoen	G og L.Br.f.	1097,50	12,50	60	1965/2015
Breidalsvatn	Norsk Hydro	900,39	12		1960
Svartdalsvatn	Norsk Hydro	1408	19		1960
Heggebottvatn	Øvre Otta	576	1,0		2001

#### 18.1.3.Minstevassføring

##### Generelt.

Rauddalsmagasinet og Breidalsmagasinet blir fulle kvart år p.g.a dei store nedbørsfelta.

Aursjomagasinet vart ikkje fullt i 2003. Tapping og køyring av verka er siste åra blitt meir tilpassa marknaden. Det er mykje start og stopp på verka ut ifrå forbruksmønster.

Vintervassføring i Otta elv har siste år ført til ein del ising oppstraums Marlo bru spesielt.

Dette kan ha si årsak i at kanalen ut på Skim fyller seg att.



Følgande vassdrag er regulert evt. med minstevassføring:

<b>Vassdrag og minstevassføring</b>	
<b>Vassdrag</b>	<b>Minstevassføring</b>
<b>Framrustelve</b>	<b>0,35 kbm/sek</b>
<b>Ottaelve</b>	<b>0,30 kbm/sek frå Breidalen</b>
<b>Ottaelve</b>	<b>Frå Heggebottvatn: 15.06-14.09 2,00 kbm/sek 15.09-14.06 0,25</b>
<b>Aura</b>	<b>0 kbm/sek</b>
<b>Vetildalselve</b>	<b>0 kbm/sek</b>
<b>Kolbeinsåe</b>	<b>0 kbm/sek</b>
<b>Vulu</b>	<b>Redusert vassføring</b>
<b>Tora</b>	<b>Redusert vassføring</b>

#### 18.1.4. Vedlikehald av anlegg

Grusing av Aursjovegen, samt grøfting frå skoggrensa og ned til Aursjoen på andre sida.

#### 18.1.5. Nyanlegg

Øvre Otta arbeider med utgreiing av *planar* om små kraftverk. Etter ei samla vurdering av dei prosjekt som er kartlagt har dei endt opp med 2 aktuelle anlegg som dei ynskjer å søke om konsesjon for.

##### 1. Vulu

Installasjon: 9,0 MW

Produksjon: 25,4 GWh

Utbyggingskostnad: Kr. 60 mill.

Utbyggingspris: 2,80 kr/kWh

Anlegg: Inntak i munningen av Vuludalen med inntak av bekk som kjem frå Krosshøside. Røyrgate, nedgraven nedover til forbi ysteriet og gammelbrua med kraftstasjon og utløp i Vulu oppstraums brua på RV 15.

#### Søknad om konsesjon for utbygging 2009

Øvre Otta DA søkte om utbygging av vassdraget i 2009. Kommunestyret gjekk imot utbygging hausten 2009.

##### 2. Stamåe.

Installasjon: 2,8 MW

Produksjon: 7,8 GWh

Utbyggingskostnad: Kr. 25 mill.

Utbyggingspris: 3,21 kr/kWh

Anlegg: Inntak i Stamåe med overføring av Geitåe inn på fjellet like ned for vernegrensa for Ottadalen landskapsvernområde. Røyrgate med til utløpet i Pollvatnet der kraftstasjon er planlagt.

#### Søknad om konsesjon for utbygging 2009

Øvre Otta DA søkte om utbygging av vassdraget i 2009. Kommunestyret gjekk imot utbygging hausten 2009.



### 18.1.5.2. Øvre Otta.

Kongen i statsråd gav i møte 08.06.01, løyve til utbygging av øvre Otta etter vassdragslova i samsvar med vedtak i Stortinget.

#### Sakprosessen

- Intensjonsavtala er fornya/tilpassa. Blir hausten 2001 avløyst av ei endeleg avtale.
  - Utbyggjar har utarbeidd nye planar med ein Framrusta kraftstasjon og Øyberget kraftstasjon. **Løyve til utbygging gjeve v/kongen i statsråd juni 2001.**
  - Reguleringsplanar for 132 kV line (Skjåk, Lom og Vågå) vart lagt ut på høyring med frist for uttale 1.12.00. Innstilling frå NVE vart lagt fram desember 2000, med tilråding om å gje løyve til utbygging. **Konsesjon på 132 kV line vart gjeven september 2001.** Innlagte klager på lina ligg ved nyttår 2002 til behandling i Olje- og energidepartementet. Klaga vart behandla fyrst på hausten 2002 og klagene vart avvist i vedtak frå OED den 8/10-02, og endeleg konsesjon for lina frå Framruste – Vågåmo vart gjeven.
  - Anleggstart med avskoging ved Heggebottvatnet april 2002.
  - **Reguleringsplanar for anleggsområda** Framruste, Øyberget og Heggebottvatnet vart godkjent i Skjåk kommunestyre sak 17/02.
  - **Utbygginga starta forsiktig i august 2002, med offisiell opning den 17.oktober.**
  - **Arbeidet med 132 kV lina starta 1.mars 2003.** Avskoging starta tidlegar. Ved årsslutt var lina ferdigbygd frå Øyberget kraftstasjon til Storgrove og frå Skjåk I til Brua. På siste strekning vart det og sett straum frå Skjåk I. Avskoging vestover til Framrusta starta.
  - **Arbeidet med 132 kV lina 2004.** Lina ferdigstilt frå Vågå - Øyberget og i driftsett frå Skjåk 1 – Vågåmo hausten 2004. Oppstart med linetraseen frå Øyberget – Framruste.
  - **Oppstart av arbeidet med tilkomst til anlegget i Framrusta våren 2003.** Oppstart på tunnell mai 2003. Veg til Raudberget.
  - **Heggebottvatnet:** Plastring Heggebottvatnet. Ny riksvegstreking. Damarbeid.
  - **Øyberget:** Tunnellarbeid mot Heggebottvatnet. Arbeid med dagbygget. Starta med endeleg utforming av tippen.
  - På slutten av året vart Ottaelva nedstraums Dønfossen omlagt slik at alt vatnet gjekk i flomfaret på baksidelandet. Dette vart gjort for å kunne ordne til utløpet frå Øyberget kraftstasjon.
- 2004** Tunnelarbeid Øyberget avslutta. Montasje i Øyberget kraftverk fortset utover i 2005. Øybergsgjela  
**Øyberget kraftverk** vart sett i drift i juni 2005. Offisiell opning 16.juni.  
**Framruste kraftverk** sett i drift hausten 2005.
- 2007** Sluttsynfaring av kraftlinetrasear og vegar i tilknytning til dei. Omfattande tilpyntingsarbeid over kleiva mellom Bjønnaskridu og Slirstrond. Utjamning og tilpynting av Framrusttippen.  
 Terskelbefaring med Øvre Otta, NVE og Skjåk Almenning.Området Kvitingsøye

#### Breidalsoverføringa

- 2004 Breiddalen:** Søknad om overføring av Breidalsvatnet til Raudalsvatnet vart sendt NVE av GLB i 2003. Info til husstandar i Skjåk og ope møte i Marlo Grendehus. Meldingsfasen.
- **Breidalsoverføringa.** Søk om konsesjon 2004. Kommunen høyrde saka. NVE skreve innstilling med positiv innstilling til utbygging. Innstillinga sendt Olje- og energidepartementet. Saka er tenkt lagt fram for Stortinget i slutten av vårsesjonen 2005. **Konsesjon gjeven i kongen i statsråd(Stortingsmelding nr.49(2004-2005)** Mykje diskusjon rundt tipplasing ved Breiddalsosen og i Framrustdalen Utbygging starta sumar/haust 2005. Skanska vart hovudentreprenør. Oppstart ved Raudberget med ny bru over gjelet og i Breiddalen ved osen av Breiddalsvatnet.



Tunnelarbeidet starta opp frå både sider.

**27.september 2007** var det gjennomslag på tunnelen frå Breidalen til Raudalen.

Tunnelen har ei total lengd mellom vatna på 14171 meter, eller ca. **14,2 kilometer**.

**Offisiell avslutning av Øvre Otta utbygginga sett til 8.august 2008.**

### **Terskelplanar**

Foreløpig terskelplan motteke 04.03.08 for strekninga Breidalsvatn-Billingen. Prosessen med vurdering av tersklar etter Breiddalsoverføringa er gjennomført av NVE med synfaringar der hytteeigarar og jeger- og fiskarlaget har delteke på synfaring saman med NVE, utbyggjar og kommunen og Skjåk almenning. Det vart bestemt at det skulle byggast tersklar på **Heimdalsvatnet** og **Vuluvatnet** (Nysetervatnet). Det vart teke målingar og vurdert vasstandar i høve til erfaring enkelt med naust hadde og ut ifrå dette prøvd å finne beste nivå på tersklane. Dei blir bygde i 2010.

**2009.** Sluttsynfaring av arbeida med tilpynting etter Breidalsoverføringa. Dette gjekk på tippene i Breidalen og Raudalen og deponia med tildekking og tilsåing/planting. Samt grusproblematikk.

### **18.1.6.Transport**

Bruk av snøscooter til snømåling.

### **18.1.7.Erosjonsproblem**

*Tidlegare status.*

Erosjonsproblem Raudalsvatnet solsside i strandsona der stigen innover dalen går.

Erosjon i Østre aust for utløpet av Tundra.

Erosjon langs kanten av kanalen i Otta elv aust for Marlo bru.



## 18.2.VERNA VASSDRAG

### 18.2.1.Verna vassdrag i Skjåk

Prosessen med vern av vassdrag har pågått etter framlegg av ymse verneplanar for vassdrag. Verneplan for vassdrag skulle egentleg avsluttast med verneplan IV, men vart foreslege supplert. Suppleringa er gjennomført med vedtak om vern av ei stor mengd vassdrag bl.a. i Skjåk. Sjå under.

Oversikt over verna vassdrag i Skjåk				
Vassdragsnamn	Objekt-nummer	Verneplan	Verneår	Tap *) av kraftutbyggingspotensiale (GWh)
LORA	002/15	Verneplan I	1973	-
SKJØLE	002/11	Verneplan IV	1993	290
OSTRE M/TUNDRE	002/12	Verneplan IV	1993	160+140 = 300
FINNA	002/9	Verneplan IV	1993	50 ved overf. Til Aursjoen
STRYNEELVA	088/3	Verneplan IV	1993	-
RAUMA	103/3	Verneplan IV	1993	-
RISHEIMSØYE (OTTA)		Kgl.res	1990.	
MÅRÅE	002/34	Supplering	2004	250
ÅFÅTGROVE	002/35	Supplering	2004	
BLANKÅE	002/32	Supplering	2004	
GLITRA	002/32	Supplering	2004	
TORA	002/13	Supplering	2004	407 ned til Pollfoss
FØYSA	002/13	Supplering	2004	

For verna vassdrag gjeld spesielle rikspolitiske retningslinjer. Desse må det takast omsyn til i forvaltninga.

\*) Tap av utbyggingspotensiale avheng av val av utbyggingsalternativ. Her er det brukt nøkterne tal, som gje eit utbyggingstap på 1,2 – 1,5 TWH, d.v.s. 1 200 000 000 kWh (1,2 Terrawattimar). Nok straum til 60.000 einbustader.

## 19.MILITÆR AKTIVITET

### 19.1.Generelt

Søknad frå HV-11 om øving i og omkring Reinheimen, men avklart at øvinga ikkje ville finne stad i Skjåk.

## 20. KLIMAENDRINGAR

### 20.1.Generelt

Det som mest påverkar naturen og som er mest urovekkande er klimaendringane. Desse er no blitt så markante at det ikkje lenger er tvil om at vi blir utsett for store globale endringar. NINA(Norsk Institutt for Naturforskning) driv med landsiktige registreringar av ei rekke påverknader på naturen på landjorda i Norge for DN. Det har målestasjonar på fleire stader (TOV område) dei følger opp. TOV står for Terrestrisk OverVaking som betyr overvaking på landsjorda. Meir om dette finn du her:



<http://www.dirnat.no/wbch3.exe?p=1838>

PÅ NINA si heimeside er det lagt ut ein rapport laga i regi av Norsk Forskningsråd der det er oppsumert ei rekke forsøk som pågår over lang tid, ”Lange tidsserier for miljøovervåking og forskning”.

<http://www.nina.no/>

### **Klimaplan**

Ei eiga plannemnd har arbeidd med med handlingsplan for klima og energi gjennom 2009. Planarbeidet vil bli avslutta i byrjinga av 2010.

## **20.2.Konkrete endringar - eksempel**

### **20.2.1. Tregrensa kryp innover fjellet**

Tregrensa har siste åra vandra oppover. Dette går sakte med ein merkar godt at det er mykje frodigare i overgangen til snaufjellet. At buskapen blir borte, spesielt geita, gjer sitt til at vegetasjonen heller ikkje blir halden nede så mykje som før, men dette kunne ikkje voge opp for den vegetasjonsframgangen vi ser no.

### **20.2.2. Markante endringar**

Utviklinga eintydig: Innlandsbrear som dei i Jotunheimen, forsvinn i større grad og raskare tempo enn brear nærare kysten. Hovedårsaker er mindre vinternedbør og høgare sumartemperatur - ikkje minst det siste.

*Men bildet seier meir om ein ser utviklinga over tid, som ved Heillstugubreen, der det er gjort frontmålingar heilt sidan 1901. I løpet av drøye 100 år har breen trekt seg over 900 meter tilbake. Spesielt etter 1930 var det ei periode da breen gjekk sterkt attende. Dei siste ti åra har utviklinga flata meir ut.*

Men retninga er eintydig: Isbreane i Jotunheimen forsvinn - gradvis og ubønhørleg.

## **SKJÅK**

I Skjåk har vi brear frå heilt aust i kommunen og så langt vest som den strekker seg. Nedbørsvariasjonane er svært store innafor kommunen. Dette fører til at brear som Lendbreen og Moldurbreen kan forsvinne medan breane i vest som Raudeggubreen og Greinbreen, Tverrbyttubreen og Sikkilbreen kan auke.

### **Status**

Nedsmeltinga var ikkje så stor i 2007 som 2006. Det vil være årlege variasjonar, men trenden er klar-det blir eit varmare klima. Også i år er det funne fornminne ved breane i Lomseggen området i Skjåk. Fylkeskonservatoren i Oppland saman med ein del andre miljøarbeider med eit prosjekt for å setje ljøs på desse unike funna som er opp til fleire tusen år gamle.



## 21. OPPSYNSVERKSEMD

### 21.1. Generelt

#### NATUROPPSYN I SKJÅK

##### Naturoppsyn i Skjåk

I Skjåk er det 3 personar som har delegert heilårleg avgrensa politimynde.

**Per Olav Haugen** – SNO-oppsyn med kjerneaktivitet i Reinheimen

Kommune har ikkje lenger engasjert oppsynsteneste, sidan 2007.

Skjåk Almenning har oppsyn der skogfullmektig Kjell Olstad fungerer.

**Knut Granum** – som naturoppsyn. Fungerer fyrst og fremst for Villreinutvalget i

Ottadalsområdet. Han er og sekretær for Villreinutvalet i Ottadalsområdet.

**Stig Aaboen** – som naturoppsyn. Vikar som oppsyn.

**Erling Dagsgard** – rovviltkontakt - deltidsoppsyn - naturoppsyn for Skjåk Utmarksråd.

**Kjell Olstad** – deltidsoppsyn – naturoppsyn i Skjåk Almenning.

I tillegg er det fleire personar med avgrensa politimynde som tek del i oppsynsverkemnda under reinsjakta.

### 21.2. Verksemnda i året

#### Offentsleg rettsleg oppsyn

*Det er eit tankekors at det blir alt for lite tid til offentsleg rettsleg oppsyn.*

#### Anna oppsynsverksemnd

Elles har oppsynet dreve med kontrollmåling av hytter, diverse informasjons- og opplysningararbeid overfor bl.a. skulane og pressa samt transport av ved og gass til almenningshytter og organisert vedlikehald av desse.

## 22. UTFORDRINGAR/ TRUSSELBILDE 2009

### 22.1. Utfordringar generelt

Vi er inne i, og står overfor fleire store utfordringar i åra framover:

#### *Ny naturmangfaldlov*

- *vil gripe inn i det meste av forvaltning som gjeld utmark. Det er den mest omfattande lova som gjeld natur som nokon sinne er utarbeidd. Den vil påverke bl.a.:*

- *arealplanlegginga etter plan- og bygningslova*
- *tiltak knytt til jord- og skogbruk*
- *hausting og anna uttak av vilt og innlandsfisk*
- *naturvernlova er innlemma i den nye lova*

#### *Verneplanarbeidet*

- for Reinheimen driftsfase
- for Honnsrøve driftsfase
- "Friviljug" skogvern Einstulen – Under gjennomføring
- for Breheimen over i driftsfase

#### **Øvre Otta utbygginga**

- avluttande arbeider – små kraftverk

#### **Hyttebygging**

- problematikk rundt arealbruken



## 22.2.Utryggleik/Truslar/Utfordringar

### Regional plan for villrein i Ottadalsområdet-fylkesdelplan

*Det er signalisert gjennomføring av planarbeidet frå sentralt mynde.*

*For Skjåk vil dette vere eit viktig arbeid som vil legge store føringar for arealpolitikken i kommunen. I Skjåk har vi rein praktisk talt over heile kommunen, det er berre mindre areal nede i dei største dalføra at reinen ikkje brukar.*

### Forureining

- CO2 utslepp (karbondioksydutslepp) frå biltransport
- Metan (CH<sub>3</sub> frå landbruk)
- Fosfor
- NO<sub>x</sub> bindingar (kvelstoff-bindingar)frå husdyrgjødsel
- Anna (t.d. tungmetall)

**Statleg rovdyrpolitikk** – på kollisjonskurs med husdyrnæringa og distrikta generelt. Betra med uttak av skadedyr. Siste åra store uttak.

**Statleg vernepolitikk** – staten vil ha ei sterk styring, og ved eventuell delegering av forvaltningsmynde til kommunen er det små ressurser til å dekke opp ekstraarbeid kommunane får med forvaltningarbeidet. Arbeidsmengda bør dokumenterast.

*”Stortingsmelding nr.62. Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge(1991-1992)”er no, for Skjåk sin del, gjennomført og kommunen har fått tett oppunder 80% verna dersom ein tek med vassdragvernet utanfor verneområda. No startar forvaltninga og drift etter det nye regime for fullt. Det blir viktig å ha ein open og framtidsretta utmarkspolitikk.*

**Statleg oppsyn** knytt til verneområde, rovdyrforvaltning og skjøtselsmidler - tildeling

Ei SNO stilling er oppretta i forhold til Reinheimen verneområde med plassering Skjåk.

Ei mindre stilling som rovviltkontakt, kontinuerleg

Kjøp av tenester frå lokalt oppsyn.

Skjøtselsmidler frå DN gjennom SNO til verneområdetiltak-usikkert på storleik i utteljing

I samband med vern av Breheimen er det signalisert at ei SNO stilling vil bli plassert i Skjåk

SNO er betydeleg representert i Skjåk samfunnet etterkvart. Vi ser heilt klare fordelar ved den verksemnda dei utfører no. Ein stiller likevel spørsmål ved tilsynsrolla SNO har i høve til skjøtseltiltak utført av det same personnelet i felt.

**Motorferdsel** i utmark

Motorferdsla er stabil kanskje med ein liten auke. Siste åra er det kjøpt eit stort antal ATV køyretøy i Skjåk. Det er merka meir køyring etter at desse kom. Vern av Reinheimen og Breheimen kombinert med den lokale forvaltninga gje betre kontroll med den totale motorferdsla i området.



